

PÅ VEG MOT EIT BEREKRAFTIG SAMFUNN

**KOMMUNEPLAN FOR GOL
2008 – 2020**

SAMFUNNSDELEN



INNHALD

DEL 1 INNLEING.	side
Forord	5
Visjon og overordna mål 2020	7
Verdigrunnlag	9
Kulturarven	11
DEL 2. MÅL FOR KOMMUNEN.	13
Bu og levkår	14
Natur og kultur	15
Læring og kunnskapsutvikling	16
Folkehelse	18
Næring og samferdsel	19
Regionsenter	21
DEL 3 AVDELINGANE SINE OVERORDNA MÅL	23
Rådmannens stab	23
Næringsavdelinga	24
Utbyggingsavdelinga	25
Kommunalteknisk avdeling	26
Gol barnehage	27
Grunnskulen i Gol	28
Læringscenteret Gol vaksenopplæring	29
Omsorgsavdelinga	30
NAV Gol	31
Barneverntenesta	32
Helseavdelinga	33
Kultur- og informasjonsavdelinga	34
DEL 4. KLIMA OG UTSLEPP.	35
Reduksjon av klimagassar	35
Biologisk mangfald	37
Bruk av kjemikalium	38
Energibruk	38
Energikrav i nybygg	39
Avfall	40
Lokalt klimafond	41
DEL 5. AREALFORVALTNING - BRUK OG VERN	43
DEL 6. SAMFUNNSSIKKERHEIT	45
DEL 7 VEDLEGG.	47
Befolkningsutvikling	49
Arbeidsplassutvikling	51
Transport og CO2 – utslepp	52
Utslepp til luft og vatn	54
Energiforsyning	55
Gol-på-tvers-modellen	57
Politisk organisering Gol kommune	58
Administrativ organisering Gol kommune frå 01.07.08	59
Fag- og avdelingsplanar per januar 2009	60



FORORD

Kommuneplanen har to delar; ein juridisk bindande arealplan og ein samfunnsdel.

Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon.

Samfunnsdelen for kommuneplanen 2008 – 20 har fått namnet *På veg mot eit berekraftig samfunn*. Dette i erkjenning av at den største utfordringa vi står overfor som samfunn, er å innrette oss slik at ressursane våre vert brukte på ein måte som gjer at klimautfordringane vert løyste.

Våre haldningar, vår kunnskap, våre moglegheiter og våre val er med på å styre våre handlingar. Vi må handle slik at den enkelte bidreg til at komande generasjonar har dei same moglegheitene som vi har i dag.

Berekraftig utvikling kan definerast som ei utvikling som tilfredsstillar behova til dagens generasjonar utan at det går på kostnad av moglegheitene framtidige generasjonar må ha til å tilfredsstille sine.

Vi må erkjenne at forbruket i dag ikkje er berekraftig på mellomlang og lang sikt.

Kommunestyret har slutta seg til Lokal Agenda -21.

Kapittel 28, Agenda – 21 seier at lokale autoritetar er dei nærast befolkninga til å utvikle og iverksette lokale planar for berekraft, ein Lokal Agenda 21.

Lokal Agenda 21 er eit rammeverk for gjennomføring av berekraftig utvikling i lokalsamfunnet gjennom å sjå økologiske, økonomiske og sosiale mål i samanheng.

I den store samanhengen, nasjonalt og globalt, vil våre tiltak ha marginal effekt. Dersom alle tenkjer slik, vil vi heller ikkje kunne løyse felles utfordringar. Skal verdssamfunnet bli berekraftig, krev det tiltak og innsats frå alle.

Stortinget har vedteke radikale klimamål.

I 2030 skal Noreg vere karbonnøytral, det vil seie at utsleppsreduksjonane skal vera like store som utsleppa. Fram til 2020 skal Noreg kutte utsleppa av klimagassar med 30 % i høve til det nasjonale nivået i 1990, noko som tilsvarer 50 % reduksjon ut frå nivået i dag.

I arealforvaltninga skal kommunen unngå at forventade ekstremver med skred, ras og flaum fører til skade på bygningar og infrastruktur.

Denne samfunnsplanen vil trekkje opp hovudlinene og målsetjingane for bidrag i Gol kommune til å skape eit framtidig berekraftig samfunn til beste for oss alle.

Gol, 16.juni 2009

Olaug Grønseth Granli
ordførar



VISJON

SAMARBEID FORMAR FRAMTIDA

OVERORDNA MÅL

Gol kommune skal vera styrt i pakt med natur og menneske i eit langsiktig perspektiv.

Utvikling av Gol kommune som samfunn skal ta vare på behova til komande generasjonar.

Gol kommune skal vera ein kommune som folk trivst i, flyttar til og blir integrerte i.

Gol kommune har bruk for aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar.



VERDIGRUNNLAG

Lokaldemokrati

Den politiske makta til innbyggjarane vert utøvd gjennom lokaldemokratiet. Deltakinga gjennom val er dessverre minkande. Oppslutnaden om dei politiske partia er svekka, og stendig færre er viljuge til å ta på seg politiske verv. Eit lokaldemokrati utan forankring i fleirtalet av innbyggjarane vil over tid forvitne og verte meiningslaust. Utfordringa med å skape eit velfungerande, robust lokaldemokrati må fyrst og fremst takast av dei lokale partilaga. Kommunen har eit ansvar for at skuleverket gjev opplæring i politiske prosessar og har organ som inviterer til at ungdom kan delta på sine premissar og interesefelt. Kommunen må leggje til rette for at politiske grupperingar kan ha gode arbeidstilhøve.

Ulike interessegrupper, og til ein viss grad nabokommunane, fylkeskommunen og staten, er med på å leggje føringar for lokaldemokratiske avgjerder.

Staten må ha eit større ansvar for lokal partstøtte.

Inkludering

Det å ha eit meiningsfullt arbeid, å oppleve seg inkludert i fritidsaktivitetar og sosiale fellesskap, fremjar trivsel, sjølvkjensle og positiv utvikling.

Menneske som ikkje opplever desse positive livsfaktorane, får ofte dårlegare livskvalitet med omsyn til trivsel, psykisk helse og familieforhold.

Det er ei samfunnsoppgåve å skape eller støtte arenaer for inkludering.

Over 100 friviljuge lag og organisasjonar skaper viktige arenaer for samkjensle og sosiale nettverk.

Formålstenlege butilhøve, tilpassa arbeid, universell utforming av bygningar og uterom og fritidstilbod er viktig for grupper med spesielle behov. Ein arbeidsmarknad med plass til menneske med varierte føresetnader vil gje fleire oppleving av å bidra til samfunnet.

Med aukande del eldre mellom innbyggjarane er det samfunnsøkonomisk viktig at så mange som råd, deltek aktivt i arbeidslivet lengre enn i dag. Eldre arbeidstakarar har lang erfaring, god kompetanse og stabilitet som er verdfull. Med lengre levealder og god helse er det ei utfordring å leggje til rette for arenaer for aktiv samfunnsdeltaking også for denne gruppa.

Rausheit i møte med menneske frå framande kulturar er naudsynt i eit samfunn med veksande tal på innbyggjarar frå andre nasjonar. Gol kommune har vedteke å vera ”Antirasistisk sone”. Det bør spegle seg i alle innbyggjarane sine haldningar og handlingar.

Openheit

Ein kommuneorganisasjon som er open for innbyggjarane, anten dei er brukarar av kommunale tenester eller ikkje, er naudsynt for at dei avgjerdene som vert tekne, vert oppfatta som legitime, rettferdige og tekne på uhilda grunnlag.

Gjennom open informasjon, kommunikasjon, brukarmedverknad og organisasjonskultur vil legitimiteten til kommunen bli styrka.



Samarbeid

Menneska i samfunnet vårt lever ikkje isolert frå kvarandre. Vi er alle saman avhengige av kvarandre i familie, arbeid, sosiale tilhøve og intellektuelt sett. I konstruktiv samhandling oppstår nye idéar og handlingsmønster. Det moderne, komplekse samfunnet blir vidareutvikla gjennom samarbeid mellom einskildindivid, i organisasjonar og med det offentlege.

Samarbeid på alle plan må være tufta på felles grunnidé, målsetjing og oppgåveløysing. Anten det gjeld samarbeid om tilhøve for einskildindivid eller fellesoppgåver, må samarbeidet skje innan rammene av lovverket, forståing for forskjellige synspunkt og oppslutnad om resultatet.

Individuelt ansvar

Samfunnet kan ikkje ta på seg ansvaret for alle forhold omkring den einskilde. Det viktigaste ansvaret vi alle har, er å ta vare på eiga helse. God helse aukar nærværet i arbeid og sosiale forhold og reduserer belastningane på familie og samfunnsøkonomien. Helse er ikkje statisk. Den kan endrast og påverkast gjennom den måten vi lever på, gjennom maten vi et, aktivitetar vi deltek i, og miljøpåverknader som støy og ureining.

Samfunnet har bruk for alle. Å oppleva meistring i kvardagen ved å ta i bruk og utnytte eigne ressursar er eit godt utgangspunkt for god psykisk helse.

Kommunen kan bidra gjennom informasjon, god planlegging, tilrettelegging og organisering, men kan ikkje ta frå den einskilde ansvaret for seg sjølv.

Berekraft

For å møte dei globale utfordringane i framtida må prinsippet om ”føre var” leggast til grunn i all forvaltning, bruk av naturressursar og tekniske installasjonar.

Ønsket om ei berekraftig utvikling stiller ei rekkje verdimeslige problemstillingar og utfordringar om avveging mellom dei ulike delane av berekraftomgrepet. Ei berekraftig utvikling inneber å sikre:

Økonomisk berekraft - oppretthalde velferd og levekår, ei god ressursforvaltning og ressursbruk, produksjon og forbruk

Økologisk berekraft - sikre økologiske system som vatn, materiale og energi, redusere ureining, sikre biologisk mangfald

Sosial berekraft - oppretthalde samfunnsorden og livskvalitet, helse, kultur, bumiljø, medverknad og demokrati

I den økonomiske berekrafta ligg det balanse mellom forbruk og produksjon på naturen sine premisser. I den økologiske ligg miljøperspektivet, og i den sosiale har folkehelse ein sentral plass.



KULTURARVEN

Kulturarv er heile den historiske plattformen som samfunnet står på - lokalsamfunn og storsamfunn på kvart sitt vis. Omgrepet er vidtfemnande og omfattar kulturformer og kulturuttrykk overleverte blant anna gjennom munnleg tradisjon frå tidlegare generasjonar. Det dreiar seg om språk, utøvande kunst, sosiale skikkar, tradisjonelt handverk, rituale, kunnskapar og ferdigheiter knytta til naturen, filosofi, verdiar og tenkjemåte. Kulturarv oppstår både ved nyskaping og ved impulsar som blir mottekne utanfrå og innlemma i norsk kultur. Kulturarven omfattar derfor etter kvart også kulturelement vår eiga tid, frå alle sosiale lag og frå alle etniske grupper.

Kulturarven gjev grunnlag for identitet og rotfeste, skaper forståing av at eigne tradisjonar representerer noko verdfullt samtidig som dei gir premisser for korleis samfunnet skal utvikle seg vidare. Arvens immaterielle karakter gjer han særleg sårbar sett i forhold til globalisering, konflikter og raskt skiftande livsstil. Det beste vernet av kulturarven er gjennom stadig bruk på ein gjennomtenkt og fornuftig måte. Med kulturarven som grunnlag for utvikling av verdiane vi vil byggja framtida på, er kulturvern med på både å skape trivsel for den enkelte, berekraftige samfunnskår og opne, tolerante og robuste samfunn.

Kulturarven gjer oss som samfunn rikare og skal i kraft av sine kvalitetar takast vare på og gjevast vidare til neste generasjon som grunnlag for identitet og verdiskaping.

Språk og dialekt

Noko av det viktigaste identitetsmerket og limet i eit lokalsamfunn er dialekten som er nytta på staden. Hallingdialekten eller hallingmålet høyrer til dialektgruppa midlandsmål som blir snakka i fjellstroka. Til gruppa høyrer valdresmålet, numedalsmålet og kryllingmålet. Dialekta endrar seg fortare enn før. Ikkje berre forsvinn det ord og uttrykk, men dei særskilde kjenneteikna blir borte etter kvart. Hallingmålet, som alle dialektar, er under sterkt press frå talemålet i Oslo. Innflytting frå andre delar av landet er og med på å endre det lokale talemålet. Fleirtalsbøying av verb og bruk av dativ og akkusativ har vore kjenneteikn på dialektane i Hallingdal som no er i ferd med å bli borte. Det er ei oppgåve å gjera barn og unge kjende med kjenneteikna på talemålet og lokale ord og uttrykk.

Busetnad, kulturlandskap og fornminne

I Gol er det funne svært få reiskap og våpen frå steinalderen. Frå eldre jernalder, folkevandringstida, er det ikkje funne noko i det heile. Frå yngre jernalder, vikingtida, er det nokre få funn. Faste fornminne er det mange av. Omstreifande jegerar og fiskarar har nok tidvis opphalde seg i Gol-området før fast busetnad tok til. På Golsfjellet er det mange funn av gamle jarnblæstrer og kolgroper. Som alle andre plassar har matauk i form av jakt og fiske svært lange tradisjonar. Spor etter jakt er i form av bogesteller, fangstgraver og ledegjerde. Matauk på denne måten er ikkje lenger naudsynt, men jakt og fiske er no ein viktig hobby. Fiske er delvis kultivert og kommersialisert.

I Boka om Gol skriv Hallvard Svello at fast busetnad sannsynlegvis er frå tidleg i folkevandringstida, om lag år 300 etter Kristus. Innvandringa har mest truleg kome austfrå. Tufter etter gardsanlegg, hus og skogskoier er funne fleire plassar. Om lag år 1000 etter Kristus skal det ha vori minst 26 gardar med 190 menneske i Gol. For å fastsetje alder på busetnad, må ein ta i bruk namn på gardane. Dei skifter gjennom tida og gjev ei god datering. Stavkyrkja på Gol er nemnd fyrste gongen i skriftlege kjelder i 1309. Det syner at allereie då var folkegrunnlaget stort nok til å reise ei soknekyrkje.



Bondesamfunnet har i vesentleg grad prega kulturell utvikling i Hallingdal. Gjennom betre reiskap, folkeauke, deling av gardane i fleire bruk og bryting av stadig ny jord har kulturlandskapet vorte forma gjennom hundreårig arbeidsinnsats. Dei store rydningsrøysene vitnar om det arbeidet som er lagt ned.

Byggjeskikk

Det er eit langt sprang frå enkle laftehus med ljore i taket til dagens energieffektive bindingsverkhus med avanserte tekniske installasjonar, men bruk av tre som konstruksjons- og kledningsmateriale har heile tida stått i sentrum for utviklinga. Trehusbygging er derfor ein viktig del av heile vår norske kultur og bidreg i sterk grad til å setja merke på miljøet vårt. Fyrst i byrjinga av 1700- talet var den lafta hallingstova ferdig utvikla. Det vart det vanlege bustadhuset til meir moderne hustypar kom til på 1900- talet. Hallingstova har nokolunde fast storleik, fast inndeling i tre rom og standardisert innreiing. Interesse for tradisjonell byggjeteknikk og tre som miljøvennleg byggjevirke er aukande og kan utviklast vidare.

Mat

Matskikkane er ein minst like viktig del av kulturarven vår som byggjeskikk og dialekt. Det gir følelsen av røter og heimkjensle. Den gamaldagse maten var sunn, enkel og utan tilsetjingsstoff. Matskikkar og omgangsformer har endra seg svært berre dei siste 40 åra sjølv om opninga av Bergensbanen i 1909 og første verdskrigen førte med seg mange nye impulsar til bygdesamfunna i Hallingdal.

Opphavelg var ein sjølvberga ned mat av det som vart produsert på garden, eller det ein kunne hente frå naturen. Salt og krydder måtte hentast utanfrå. Salt, saltvassfisk og noko korn var kjøpevarer. Gjennom Hallingkost BA er lokalproduserte matvarer etter gamle oppskrifter sett i produksjon og tilgjengelege i forretningar. Tilreisande finn det interessant å få kjennskap til tradisjonskost.

Klede

På fagspråket skil ein mellom nemningane bunad og folkedrakt. Med folkedrakt meiner vi særprega, stadbunden draktskikk, som skil seg frå andre bygder og frå den samtidige bymoten. Ein slik draktskikk hadde i seg alle graderingar frå høgtidsklede til kvardagsklede, og var nøye styrt av innarbeidde normer for korleis plagga skulle kles på og brukast, og kva plagg ein brukte til kva for høve. Desse normene var ein vital og avgjerande del av sjølv tradisjonen. Folkedrakta var med andre ord brukarens vanlege klede, til alle høve. Innanfor ein tradisjonell draktskikk var det likevel rom for variasjon: "Det galdt å ha noko som ikkje alle andre hadde". Dei store politiske, økonomiske og sosiale omveltingane på 1800-talet endra det tradisjonsrike bondesamfunnet og dermed dei lokalt særprega draktskikkane. Fabrikkvove stoff, moteblad, mønsterark og symaskiner vart tilgjengelege varer og endra måten folk levde og kledde seg på. Levekåra endra seg i by og bygd, og smått om senn vart folkedraktene avløyste av motepåvirka klede over heile landet. Dette hende i svært ulikt tempo i dei ulike delane av landet. Ein bunad er ei moderne fest- og høgtidsdrakt som har sitt opphav og føresetnad i ein tradisjonell draktskikk. Bunad betyr mykje i rituelle samanhengar og er med på å skape identitet og tilhøyre. Dei ulike bunadene i Hallingdal byggjer på folkedraktmateriale i ubroten tradisjon. Medan folkedraktene i dag har gått ut av bruk, er bunaden ein levande del av vår moderne draktskikk til bruk ved alle høgtidsdagar.

Kulturuttrykk som musikk, dans, handverk

Einskildpersonar, lag og foreiningar tek vare på og synleggjer tradisjonell musikk, dans og songskattar. Gol har blant anna hatt gode dansarar som har utmerka seg nasjonalt plan. Organiserte lag og foreiningar er svært viktige kulturberarar. Dei er med på å halde liv i og overføre kunnskap om skikkar, handverk, mattradisjonar og handarbeid til nye generasjonar.



DEL 2. MÅL FOR KOMMUNEN

VISJON

Samarbeid formar framtida.

OVERORDNA MÅL

- **Gol kommune skal vera styrt i pakt med natur og menneske i eit langsiktig perspektiv.**
- **Gol kommune skal vera ein kommune som folk trivst i, flyttar til og blir integrerte i.**
- **Utvikling av Gol kommune som samfunn skal også ta vare på behova til komande generasjonar.**
- **Gol kommune har bruk for aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar.**

HOVUDOMRÅDE:

1. BU OG LEVEKÅR
 - 1.1. Bustad og bumiljø
 - 1.2. Oppvekst
 - 1.3. Omsorg
 - 1.4. Arbeid
2. NATUR OG KULTUR
 - 2.1. Natur
 - 2.2. Kultur
3. LÆRING OG KUNNSKAPSUTVIKLING
 - 3.1. Læringsmiljø
 - 3.2. Kompetanseheving og fagmiljø
4. FOLKEHELSE
 - 4.1. Helse i plan
 - 4.2. Førebygging
 - 4.3. Rehabilitering
5. NÆRING OG SAMFERDSEL
 - 5.1. Landbruk
 - 5.2. Industri
 - 5.3. Reiseliv, handel og tenestytting
 - 5.4. Samferdsel
6. REGIONSENTER
 - 6.1. Regionalt samarbeid
 - 6.2. Regionale funksjonar



1. BU- OG LEVEKÅR

Gol kommune er eit naturleg sentrum i Hallingdal. Kommunen har hatt jamn auke i folketalet i fleire år, sterk vekst i offentleg sektor og i privat tenesteyting og handel. Eit sterkt næringsliv og eit godt offentleg tilbod vil vera med på å sikre høg sysselsetting og levestandard for innbyggjarane i kommunen. Gol utviklar seg mot eit bysamfunn, men samstundes er det ei bygd med variert busetnad og næringsliv. Denne utviklinga vil by på mange utfordringar for kommunen og innbyggjarane. Vi må alle vera med på å forme framtidssamfunnet slik at born og unge skal ha ein meningsfylt og trygg oppvekst. Gol kommune skal og leggje til rette for at born og unge har gode utdannings- og fritidsmoglegheiter.

Ei variert utvikling av bustader med rolege byggjefelt kombinert med ei fortetta utbygging av sentrum vil kunne møte dei behova innbyggjarane har for husvære.

Gol er i dag eit fleirkulturelt samfunn, og delen innvandrara vil auke i åra som kjem. Vi må ta vare på mangfaldet denne utviklinga fører til. Eit samfunn prega av openheit, trivsel og eit trygt og godt sosialt miljø vil bidra til det.

Det skal leggjast til rette for eit helsestell som tek vare på alle innbyggjarane sine behov i dei ulike aldersgruppene.

Gol kommune må sørgje for at tilhøva for dei eldre og funksjonshemma vert lagt til rette slik at flest mogleg får bu i sin eigen heim så lenge dei ynskjer det. Omsorgsavdelinga må utviklast slik at avdelinga kan møte utfordringane i dagens Helse-Noreg på ein best mogleg måte.

- **Gol kommune skal vera ein kommune det er godt å vekse opp i, bu i og bli gammal i.**

1.1. BUSTAD OG BUMILJØ

- 1.1.1. Gol kommune skal leggje til rette for eit variert bustadtilbod med trygge, sunne og sikre nærmiljø.
- 1.1.2. Gol kommune skal vera ein føregangskommune for mangfald og fleirkulturell sameksistens.
- 1.1.3. Gol kommune skal leggje til rette for trivsel, samhandling og godt sosialt miljø.

1.2. OPPVEKST

- 1.2.1. Alle vaksne skal vera medansvarlege for å gje barn og ungdom ein god oppvekst.
- 1.2.2. Gol kommune skal leggja til rette slik at barn og unge skal kunne opphalde seg og ferdast trygt.
- 1.2.3. Alle skal ha høve til å delta i varierte og meningsfylte fritidstilbod.

1.3. OMSORG

- 1.3.1. Alle skal oppleva å bli møtt med respekt og tillit
- 1.3.2. Ulike behov skal møtast med individuell tilrettelegging

1.4. ARBEID

- 1.4.1. Alle skal ha økonomisk tryggleik, primært gjennom inntektsgeivande arbeid for alle arbeidsføre.
- 1.4.2. Alle skal oppleva å vera til nytte gjennom yrkesliv eller annan meningsfylt aktivitet.



2. NATUR OG KULTUR

Natur

Naturen i Gol representerer ein verdfull ressurs for innbyggjarar og tilreisande. Kulturlandskapet, elvelandskapet kring Hallingdalselva og Hemsil, frodige og grønne skoglier, bekkeløfter og fjellnatur gjev utgangspunkt for varierte naturopplevingar. Samstundes er desse områda viktige for flora og fauna. Det må vera eit overordna mål å overlate naturkvalitetane frå generasjon til generasjon utan at desse er forringa eller valmoglegheitene reduserte. Eit aktivt og berekraftig landbruk er eit viktig reiskap for å sikre kulturlandskapet og synleggjere at naturen skal brukast, men ikkje forbrukast. Omsyn til viktige rekreasjonsområde vert stadig viktigare i ei tid med aukande press på utmarksressursane.

Kultur

Kulturarven er våre felles minne om samfunn og levkår til tidlegare generasjonar. I Gol har vi mange spor frå eldre tider. På Golsfjellet finn vi jernvinner og kolgroper og spor etter jakt i form av fangsgroper o.a. Gjennom betre reiskap, folkeauke og deling av gardane i fleire bruk har kulturlandskapet blitt forma gjennom hundreårig arbeidsinnsats. Dei store rydningsrøysene vitnar om det arbeidet som er lagt ned. Med Bergensbanen begynte tettstaden Gol å vekse fram i dalbotnen. Busetnaden som tidlegare hovudsakleg hadde bestått av småbruk, fekk karakter av enkeltbygg og einebustader knytt til vegen. Mange av dei fyrste næringsverksemdene i Gol (bortsett frå gardsbruka) blei lokalisert rundt Heslafossen.

Dialekten er ei særskild viktig del av vår lokale kulturarv. I dag er hallingmålet under sterkt press, og det ligg ei stor utfordring i å verne om dialekten vår gjennom levande bruk og bevisst utvikling.

Stor breidde og aktivitet i kulturlivet betyr mykje for lokal identitet og fører til at folk blir stolte over heimstaden sin og kjenner større tilhøyre. Eit rikt kulturliv vil også kunne trekkje til seg nye innbyggjarar, fleire turistar og næringar. Det må utviklast kulturarenaer og møteplassar som imøtekjem krav og forventningar frå brukarane. For å demme opp for negative strømningsar som ungdomsmiljøa kan vera utsette for, er det spesielt viktig å stimulere ein ungdomskultur som er skapande og open for nye uttrykksformer og inntrykk utanfrå.

Frivillige organisasjonar er svært viktige kulturbærarar. Den organiserte idretten femner om svært mange av innbyggjarane i meningsfulle aktivitetar. Desse organisasjonane er viktige samarbeidspartnarar for kommunen og er ein verdifull ressurs, også samfunnsøkonomisk, og dei må stimulerast til fortsett aktivitet.

Gol er relativt godt dekkja med anlegg og område innan forskjellige idretts- og friluftaktivitetar, men kapasiteten innan enkelt hallidrettar er for liten til å dekke alle behov.

- **Gol kommune skal ta vare på natur og miljø.**
- **Gol kommune skal ta vare på og vidareutvikle kulturarv og tradisjonar i eit fleirkulturelt samfunn.**

2.1. NATUR

- 2.1.1. Naturlege biotopar for vilt, planter, fugleliv og fisk skal takast vare på.
- 2.1.2. Gol kommune skal medvirke til heilskapleg forvaltning av naturressursane gjennom forvaltningsplanar og konkrete tiltak.
- 2.1.3. Skånsam tilretteleggjing skal gjera det attraktivt å nytte naturen.



2.2. KULTUR

- 2.2.1. Kulturminne skal sikrast gjennom vern og bruk.
- 2.2.2. Gol kommune skal leggje til rette for mangfald og kvalitet i kulturtilbodet med Hallingmo som naturleg midtpunkt.
- 2.2.3. Gol kommune skal medverke til å styrkje sosialt fellesskap gjennom tilretteleggjing for aktivitet i friviljuge lag og organisasjonar
- 2.2.4. Gol kommune skal leggje til rette for fysisk aktivitet, både som førebyggjande helsearbeid, som fritidssyssele og som profilering av Gol som attraktiv bu- og reiselivskommune.

3. LÆRING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

Nasjonale styresmakter har som mål at alle skal ha like moglegheiter til å utnytte evnene og nå måla sine uavhengig av sosial bakgrunn.

Felleskapet er avhengig av at alle som kan, deltar i arbeidslivet. For å oppretthalde Noregs konkurranse og innovasjonsevne og velferdsnivå, er det nødvendig at fleire enn i dag har svært gode kunnskar og ferdigheiter

Stortingsmelding nr.31 (2007-2008) Kvalitet i skolen definerer eit godt utdanningssystem som eit godt barnehagetilbod til alle som ynskjer det, ein solid offentleg fellesskule, rett til vidaregåande opplæring og gratis høgare utdanning av god kvalitet.

Barnas læring i førskolealder, særleg sosiale og språklege ferdigheiter, har stor betydning for læringsutbyttet vidare i livet.

Barnehage

Alle barn har rett på barnehageplass.

Gol barnehage har 6 einingar (hus) spreidde rundt i kommunen; tre ligg i sentrum og tre ligg i grendene Rotneim, Øygardane og Åsgardane.

Gol barnehage arbeider etter Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagar og vedtekter for Gol barnehage. Det blir lagt spesielt vekt på sosialt samspel, på opplevingar og på å gje barna medvirkning i eigen kvardag i barnehagen. Alle einingane (husa) arbeider med at barna skal oppleve lokal kultur og tradisjon. Dessutan blir det lagt vekt på å vere mykje ute i naturen, både i nærmiljøet og på fjellet.

Utviklinga i samfunnet krev at barnehagen arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling. Forsking viser at det er viktig med systematisk arbeid i førskulealder for å skape eit godt grunnlag for å lykkast seinare i livet. Slik satsing er også presisert i Stortingsmelding nr.16 (2006-2007).

Gol barnehage har utvikla eit forpliktande kvalitetsikringssystem som byggjer på Lov om barnehagar og rammeplan. Dokumentasjon og informasjon om barnehagedagen er ein del av dette systemet.

Endringar i bruk av skulebygg kan medføre konsekvensar for barnehagestrukturen på sikt.

Skule

Gol kommune har i 2008 to barneskular, ein ungdomsskule og vaksenopplæring. Skulefritidsordninga er knytt opp mot Gol skule.



Drifta ved skulane er heimla i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa med forskrifter (opplæringslova). Læreplan 06, Kunnskapsløftet, gir generelle mål og kompetansemål for faga. Drifta av SFO er heimla i opplæringslova og blir styrt etter kommunale vedtekter.

Mål for grunnskulen i Gol vart vedteke i kommunestyret i mars 2007. Dette er felles mål for barneskulane og ungdomsskulen.

Grunnskulen i Gol har eit forsvarleg kvalitetssikringssystem for oppfyljing av og tilbakemelding på krav i opplæringslova i samsvar med § 13.10. Verksemdsplanane ved skulane gir vidare føringar for arbeidet ved den enkelte skulen.

Kommunestyret vedtok i oktober 2008 at ved bygging av ein ny skule i Gol, skal denne omfatte 1.-10.trinn. Det vil seie ny barne- og ungdomsskule. Skulen skal vera lokalisert på Hallingmo og vera utforma etter framtidsretta prinsipp for organisering og pedagogikk.

Gol vaksenopplæring gir tilbod om grunnskuleopplæring, spesialundervisning og undervisning i norsk med samfunnsfag for framandspråklege, jamfør opplæringslova og Lov om introduksjonsprogram og norskopplæring for nyankomne (introduksjonslova). Skulen er ansvarleg for å gjennomføre introduksjonsprogram for flyktningar. Skulen tilbyr også tenester til dei andre kommunane i Hallingdal.

Gol vaksenopplæring har innleidd og vil vidareutvikle eit organisatorisk samarbeid med Folkeuniversitetet under namnet Læringscenteret. Dei to einingane er i dag lokalisert i same bygg, Lysbo. I næraste framtid må det finnast nye lokalar for Læringscenteret.

Pedagogisk psykologisk teneste og oppfølgingstenesta gjev sakkunnig vurdering av barn med lærevanskar. Karrieresenter og OPUS er fylkeskommunale organ som gjev hjelp til elevar i vidaregåande opplæring som treng alternativ utdanning eller arbeid.

- **Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling.**
- **Gol kommune skal vera eit sentrum for spennande kunnskapsbedrifter og kreative fagmiljø.**

3.1. LÆRINGSMILJØ

- 3.1.1. God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.
- 3.1.2. Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.
- 3.1.3. Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.
- 3.1.4. God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

3.2. KOMPETANSEHEVING OG FAGMILJØ

- 3.2.1. Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.
- 3.2.2. Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.
- 3.2.3. Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.



4. FOLKEHELSE

Nasjonale føringar

Nasjonale mål for folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse, reduserte helseforskjellar i befolkninga og tilgjenge for alle. God helse er viktig i det daglege livet for den einskilde, arbeidslivet og samfunnet. Helse kan påverkast og vert utvikla i relasjon mellom menneske, i handling og omgjevnader.

Kommunen

Hovudoppgåva til helsetenesta er å tilby tenester etter Lov om helsetenesta i kommunane. Tenesta har fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid i tillegg til rehabilitering /habilitering og kurative tenester.

Gol kommune skal motivere til og leggje til rette for fysisk aktivitet for innbyggjarane, og arbeide målretta for god og likeverdig helse i heile befolkninga.

Det er auka behov for betre medisinsk og tverrfagleg oppfølging. Dette gjeld spesielt menneske med kroniske og samansette lidingar, demens, psykiske problem og andre med behov for koordinerte tenestetilbod frå både spesialisthelsetenesta og den kommunale omsorgs-, sosial- og helsetenesta. Samansette problem med rus stiller nye og komplekse krav. Frå kommunen si side er det viktig å fremje god informasjon om høve til aktivitet og rekreasjon, og stimulere organisasjonar og verksemder til å bli samarbeidspartnarar i folkehelsearbeidet.

Skular og barnehagar er viktige arenaer for å gi barn og unge gode vanar og positive haldningar til fysisk aktivitet og sunt kosthald.

Den einskilde

Innbyggjarane i kommunen sit sjølv med dei viktigaste nøklane til å påverke eiga helse gjennom sunt kosthald og fysisk aktivitet. Satsing på folkehelsearbeid er eit samarbeid mellom kommunen, innbyggjarane, lag og organisasjonar, næringsliv og fylkeskommunen.

Det er auke i livstilssjukdommar. Mellom barn og unge er overvekt aukande. På helsestasjon og skule møter gravide og alle barn helsetenesta i kommunen. Dette gir gode høve til tidleg å informere om tiltak som fremjar god helse.

Det er sterk vekst i talet på yngre med nedsett funksjonsevne og større spekter av helse- og sosiale problem som krev ny fagleg kompetanse og eit heilskapleg livsløpsperspektiv på omsorgstilbodet.

Universell utforming

Alle skal ha høve til å delta i samfunnet på eigne premissar. Universell utforming handlar om at bygningar og omgjevnader skal planleggjast og utformast slik at det blir stilt minst mogeleg krav til den einskilde sitt funksjonsnivå. Oppleving av livskvalitet aukar når bustader, vegar, plassar, privat og offentleg service, handel og arbeidsplassar er utforma med tanke på heile spekteret av funksjonsevna til mennesket.

Sosiale faktorar

Positiv kontakt med andre og gode opplevingar bidreg til god mental helse. Nettverk av familie og vener og oppleving av at livet er meningsfullt og trygt, gjer oss robuste. Samanheng mellom kultur og helse er tydeleg. Saman med skule og lokale grendahus er Hallingmo eit område med mange moglegheiter til å hente overskot og utvikle fellesskap mellom menneske i alle aldrar.



- **Gol kommune skal arbeide målretta for god og likeverdig helse i heile befolkninga.**
- **Kommunen skal motivere til og legge til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv både for innbyggerane og for tilsette.**

4.1. HELSE I PLAN

- 4.1.1. Det skal takast omsyn til helse i all planlegging.
- 4.1.2. Bygningar og tilrettelagt uteareal skal vera tilgjengelege for alle (universell utforming).

4.2. FØREBYGGING

- 4.2.1. Gol kommune skal arbeide for å fremje god helse i heile befolkninga i arbeid og fritid.
- 4.2.2. Livsstilssjukdommar skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet.
- 4.2.3. Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skaper tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande

4.3. BEHANDLING OG REHABILITERING

- 4.3.1. Kommunen skal tilby nødvendig helsehjelp som dekkjer behov for pleie, omsorg, behandling og rehabilitering
- 4.3.2. Det skal arbeidast tverrfagleg for å samordne tilbod til menneske med psykiske vanskar, med særleg vekt på barn og unge.

5. NÆRING OG SAMFERDSEL

Næring

Gol, sentralt plassert i Hallingdal, skal ha fokus på tilrettelegging av ei allsidig næringsutvikling. Utfordringa er å ha tilgjengeleg næringsareal. Næringslivet i dag er landbruksretta industri, mindre industri og tenesteyting, landbruk og reiseliv. Ut frå eksisterande næringsliv og naturgjevne tilhøve er det viktig å oppretthalde og vidareutvikle primærnæringa og spesielt leggje til rette for tertiærnæringar som tenesteyting og reiseliv. Eit allsidig næringsliv gir ein livskraftig og spennande kommune og eit breitt spekter av alternative arbeidsplassar. Ein kommune med godt tilbod på tenesteyting og handel er i neste omgang og ein attraktiv bukommune. Aktiv satsing på reiseliv er avhengig av eit sterkt landbruk og eit attraktivt kulturlandskap.

Næringsutviklinga i Gol kommune skal femne om tilrettelegging for eksisterande næringsliv og tilrettelegging av nyetableringar, og ha fokus på berekraftig utvikling med omsyn til klima og energibruk. Måla er å utvikle breidde, nyskaping og kreativitet i dette perspektivet.

Gol kommune skal nå sine mål gjennom konkrete planar og tiltak.

Samferdsel

For Gol og Hallingdal er innkorting av reisetid avgjerande for næringsutvikling og busetjing, konkret innkorting av Rv7 Sokna- Ørgenvika og Ringeriksbanen. Stamvegnettet Rv7/Rv52 må oppgraderast og person- og godstransport på Bergensbana må utviklast. Gol kommune skal arbeide for ein tilfredstillande standard og høg trafikktryggleik på vegane innan og



gjennom kommunen. Dette omfattar også lokale mål for utvikling og tilrettelegging av gang- og sykkelvegar.

Gol er eit sentralt trafikknutepunkt både regionalt og nasjonalt. Dette er eit godt utgangspunkt for utvikling av kollektive trafikkløysingar og tilrettelegging for langtransport.

Det er spesielt viktig å byggje maksimalt opp under ei betydeleg styrking av kollektivtrafikk på bane og veg. Kollektivtransport må bevisst bli prioritert både på riks- og regionalt nivå, men også lokalt i Gol og Hallingdal.

Trafikkløysingar i Gol sentrum er spesielt utfordrande i eit miljøperspektiv med mål om å leggje til rette for minst mogleg ureining både når det gjeld den kollektive trafikken og den private biltrafikken. Både for Gol og regionalt er det ekstra viktig at Gol blir prioritert og prioriterer tilrettelegging for framtidig auke i bruk av kollektive transportmiddel.

- **Gjennom tilrettelegging av moderne infrastruktur skal kommunen vera samarbeidspartnar i utvikling av eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv (landbruk, industri, reiseliv, handel og tenesteyting).**

5.1. LANDBRUK

- 5.1.1. Produksjonsareala skal ikkje takast i bruk til andre føremål utan at andre svært viktige samfunnsinteresser tilseier det
- 5.1.2. Kommunen skal ha fokus på landbruket som viktig verdiskapar av mat, kulturlandskap og miljø
- 5.1.3. Det tradisjonelle landbruket skal vidareutviklast som nyskapande næring, gjensidig nytteverdi med reiselivet og rolla for busetnad
- 5.1.4. Utnyttinga av jord- og skogressursane skal skje på ein berekraftig måte.

5.2. INDUSTRI

- 5.2.1. Gol kommune skal ha tilgjengeleg areal for nyetablering i og utanfor sentrum.

5.3. REISELIV, HANDEL OG TENESTEYTING

- 5.3.1. Gol kommune skal stimulere til eit framtidretta reiseliv og til samarbeid mellom aktørane
- 5.3.2. Gol skal vera den fremste staden i Hallingdal for detaljhandel og privat og offentleg tenesteyting
- 5.3.3. Gol skal vera attraktivt som framtidretta reisemål
- 5.3.4. Gol-på-tvers-modellen blir kommunen sin hovudstrategi for å etablere ein "utviklings-motor" for Gol.

5.4. SAMFERDSEL

- 5.4.1. Kollektive transportmiddel skal vera viktigast for persontransport til og frå Hallingdal
- 5.4.2. Gol kommune skal arbeide for raske og effektive transportkorridorar på både veg og bane
- 5.4.3. Kommunalt vegnett skal ha normal god standard.



6. REGIONSENTER

I stadig fleire samanhengar er det forventningar og tildels krav som er vanskelege for den einskilde kommunen å møte åleine. Både næringsliv og sentrale styresmakter har forventningar til kommunal tenesteyting som mest effektivt kan løysast gjennom regionalt samarbeid. Både med omsyn til effektiv bruk av økonomi og rekruttering av kompetanse framstår samarbeid om regionale løysingar som stadig meir aktuelt. Frå statlege styresmakter blir det i tillegg, på stadig fleire område, sett krav om slikt samarbeid for å få utløyst tilskot.

Krava til dei kommunale tenestene er i stadig endring. Utviklinga går stadig i ei retning der brukarane sine rettigheter er i fokus. Kommunane sine begrensningar når det gjeld tilgjengeleg økonomi og kompetanse, må ofte finne løysing lokalt. Dette er særleg krevjande utfordringar for små kommunar. Gol kommune skal legge vekt på å utvikle det interkommunale samarbeidet slik at tilgjengelege ressursar blir brukt så effektivt som mogleg.

Utviklinga i Hallingdal blir styrt av innspel frå mange aktørar. Eigne innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og politiske organ er aktørar i dette. I tillegg er sentrale styresmakter ein hovudaktør i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt.

Både ut frå kommunikasjon og geografi er Gol sentralt plassert i Hallingdal. Ut frå dette blir også Gol kommune eit naturleg sentrum i Hallingdal. Kommunen har hatt jamn auke i folketalet i fleire år, sterk vekst i offentleg sektor og i privat tenesteyting og handel.

Gol kommune framstår som eit regionalt tyngdepunkt innan privat handel og tenesteyting. I tillegg har stat og fylke alt lagt viktige regionale funksjonar til Gol.

Gol kommune skal leggje til rette for ei utvikling der det blir lagt særleg vekt på kommunen si rolle som regionsenter innafor:

- Kommunikasjon
- Privat handel, service og tenesteyting
- Statlege og fylkeskommunale regionale funksjonar
- Utdanning utover grunnskule
- Interkommunalt samarbeid

- **Gol som regionsenter skal arbeide for å utvikle funksjonar, tenester og tilbod som styrkjer heile Hallingdal.**

6.1. REGIONALT SAMARBEID

- 6.1.1. Gol kommune skal bidra aktivt i regionalt samarbeid i utvikling og gjennomføring av Strategisk plan for Hallingdal.
- 6.1.2. Gol kommune vil arbeide for å etablere nye regionale tilbod som betrar kvaliteten på tenestene til innbyggjarane i Hallingdal.
- 6.1.3. Reine administrative funksjonar skal samordnast i størst mogleg grad.

6.2. REGIONALE FUNKSJONAR

- 6.2.1. Gol kommune vil arbeide for at eksisterande statlege og fylkeskommunale oppgåver blir i Hallingdal.
- 6.2.2. Nye statlege, fylkeskommunale og interkommunale funksjonar som skal dekkje heile Hallingdal, skal lokalisert til Gol så langt det er føremålstenleg.
- 6.2.3. Gol kommune skal i samarbeid med dei andre kommunane samordne, utvikle og tilby tenester for heile regionen.





DEL 6. OVERORDNA MÅL FOR AVDELINGANE

Rådmannens stab

Staben skal støtte rådmannen i arbeidet med å

1. drive og utvikle Gol kommune i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar
2. sjå til at dei sakene som blir lagde fram for folkevalde organ, er forsvarleg utgreidde og at vedtak blir iverksette

I tillegg skal staben støtte rådmannens arbeid når det gjeld å

- sørge for at dei folkevalde har tilfredsstillande vilkår for å utføre sine oppgåver
- gjera kommunen til ein effektiv, fleksibel, utviklingsfokusert og nyskapande organisasjon
- sikre at kommunen har eit åjourført planverk
- bidra til at avdelingane når sine mål
- utvikle rutinar for rapportering og kvalitetssikring av tenestene kommunen skal yte
- sikre at kommunen har ei tilfredsstillande økonomiforvaltning både på kort og lang sikt
- framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar som legg til rette for å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar
- leggje til rette for utvikling av godt arbeidsmiljø i alle avdelingane
- utvikle positiv identitet og godt omdømme
- gjera kommunen til ein aktiv medspelar og pådrivar i regionalt samarbeid for administrative og tekniske felleisløysingar



Overordna mål for Næringsavdelinga

JORDBRUK

1. Oppretthalde sysselsetjing og produksjonsgrunnlag i næringa minst på dagens nivå
2. Vidareutvikle landbruket med utgangspunkt i både tradisjonelle driftsformer og nyskaping/tilleggsnæringar
3. Bruke handlingsplanen for landbruket aktivt i forvaltninga
4. Arbeide for ei forsvarleg gjennomføring av statleg landbrukspolitikk med fokus på kommunen og næringa sitt behov lokalt
5. I samsvar med nasjonale føringar skal Gol kommune ha eit sterkt jordvern
6. Ha fokus på å synleggjera landbrukets samfunnsverd med lokale og regionale ringverknader
7. Næringsavdelinga skal fylle ei viktig rolle som formidlar av informasjon til landbruksnæringa innanfor fagområdet
8. Vera tilgjengeleg og serviceinnstilt og ha fokus på brukarane og Gol samfunnet.

SKOGBRUK

1. Følgje opp skogbrukslova blant anna ved å utarbeide ny skogbruksplan
2. Bidra til samarbeid mellom offentleg forvaltning og næringdrivande for auka aktivitet gjennom Hallingskog
3. Følgje opp sentrale styresmakter si bioenergisatsing i skogsamanheng
4. Syte for å få ungskog på hogstfelta snarast råd
5. Betre vekstforhold for furu ved å redusere elgstamma
6. Tett oppfølgjing av foryngelseskontrollen og auka antall planter per m³ avvirka
7. Stelle framtidsskogen på ein god måte og på denne måten auke produksjonen av kvalitetsvirke og råstoff til bioenergi
8. Vidareføre MIS-registreringane i skogbruket og ta omsyn til resultatane
9. Følgje opp skogsbil – og landbruksvegnettet og vurdere behov for oppussing eller bygging av landbruksvegar.

MILJØ

1. Følgje opp og iverksetje tiltak innan ureiningsområdet lokalt og i samsvar med nasjonale føringar
2. Følgje opp mål og tiltak i eigne planar for miljø og klima
3. Arbeide for at bruken av bioenergi til oppvarming skal aukast i Gol
4. Arbeide for at fleire næringar i Gol skal miljøsertifisere seg
5. Syte for at elg, -hjort og rådyrressursane i kommunen vert forvalta på berekraftig måte
6. Å jourføre informasjon om viktige naturtypar og artar via rekartlegging og synfaring
7. Ivareta omsynet til natur - og friluftsiinteresser i utbyggingssaker
8. Sikre at lover og forskrifter vert følgde når det gjeld bruk av motoriserte køyretøy i utmark og vassdrag.

NÆRINGSUTVIKLING

1. Arbeide for å oppretthalde og sikre arbeidsplassar innanfor handelsnæring og reiseliv
2. Arbeide for Gol kommune sine interesser og mål gjennom Gol reisemål
3. Vera delaktig og bidragsytande i Gol reisemål og pågåande prosjekt til ei kvar tid
4. Tilby potensielle og etablerte grunderar kvalifisert etablerarrettleggning og informasjon gjennom Hallingdal Etablerarsenter.



Overordna mål for utbyggingsavdelinga

OPPMÅLING/GEODATA

1. Sørgje for at det ligg føre offentleg oppdatert kartgrunnlag for dei føremål som er fastsette i plan- og bygningslova
2. Kunne tilby kartgrunnlag så nøyaktige og detaljerte som det krevst, for eit kvart privat og offentleg utbyggingstiltak som måtte komme opp
3. Oppdatert digitalt planregister tilgjengeleg for alle brukarar på internett
4. Tilfredsstille tidsfristar i ny matrikkellov og forskrift.

REGULERING/PLAN

1. Gjennom planarbeidet leggje til rette for berekraftig utvikling til beste for kvar og ein, samfunnet og framtidige generasjonar
2. Kommunens planlegging skal syte for opne prosessar med medverknad for alle berørte interesser og offentlege instansar
3. Prinsipp om universell utforming, omsyn til barn og unges oppvekstmiljø og prinsipp om estetisk utforming av bygg og omgjevnader skal vektleggjast
4. Gjennom arealbruken sikre langsiktige behov blant anna gjennom kvalitetskrav og bruk av omsynssoner
5. Alle planar skal skildre verknader av utbygging og tiltak for miljø og samfunn samt eigne krav til risiko og sårbarheitsanalysar
6. Ta initiativ til interkommunalt plansamarbeid med regionale styresmakter og nabokommunar
7. Gjennom generell planføresegn pålegge at nye utbyggingsområde skal tilretteleggjast for vassboren varme
8. Utarbeide lokale klima- og miljøplanar som rettsleg bindande kommunedelplanar.

BYGGJESAK

1. Sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak
2. Ta i bruk ByggSøk som eit offentleg system for elektronisk kommunikasjon i plan- og byggjesaker. Målet er effektivisering hos private og kommunar
3. Leggje til rette for godt forma bumiljø og bustadområde
4. Dokumentere krav til energieffektivitet gjennom sakshandsaminga
5. Utarbeide og iverksetje tilsynsordning.



Overordna mål for kommunalteknisk avdeling

VASSFORSYNING OG AVLØP

1. Hovudplanar for vatn og avløp skal vera retningsgjevande for prioritering av tiltak på vass- og avløpssektoren
2. Utslepp av avløpsvatn og anna som kan føre til ureining, skal takast hand om slik at det ikkje skadar naturmiljøet og det biologiske mangfaldet til vassførekomstar eller kjem i konflikt med bruk av resipientane til friluftsliv/bading, fiske eller jordbruksvatning
3. Vasskvaliteten i Tisleifjorden og hovudvassdraga Hallingdalselva og Hemsil skal vere godt eigna for bading og rekreasjon
4. Abonnentane skal ha nok vatn, godt vatn, sikker og effektiv vassforsyning
5. Kommunale vass- og avløpstenester skal sikrast gjennom gode kvalitetssikringssystem, rutinar og informasjon
6. Gol kommune skal ha 100% dekningsgrad på kommunale kostnader med vass- og avløpstenester
7. Gol kommune skal aktivt bidra i vassregionsamarbeidet og gjennomføre nødvendige tiltak
8. Stimulere til rekruttering av fagkompetanse på vatn og avløpsektoren på alle nivå
9. Vidareutvikle tenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

RENOVASJON

1. Kommunen skal vere pådrivar for alternativ og nyskapande avfallshandtering
2. Gjennomføre tiltak for å nå målsetjingane i avfallsplan for Hallingdal
3. Innføre lokal forskrift om brenning av avfall
4. Oppfølging av nytt planverktøy i plan og bygningslova og bruk av tilsyn på byggjeplassar
5. Gol kommune skal stimulere personar og verksemder til avfallsminimering og gjenvinning.

KOMMUNALE VEGAR OG TRAFIKK

1. Alle kommunale vegar skal ha tilfredsstillande standard for dei behov vegane skal tene
2. Utarbeide ein forpliktande "hovudplan veg" som grunnlag for prioritering og finansiering av framtidig kommunal infrastruktur/vegssystem
3. Nye kommunale vegsystem skal forankrast i kommuneplanens arealdel og ha standard som tilfredsstillar statlege retningslinjer
4. Alle vegar der grunnforholda tilseier det, skal ha fast dekke
5. Gatemiljøet i Gol sentrum skal ivaretakast med god drift og godt vedlikehald
6. Trafikktryggleiksplan for Gol skal vera retningsgjevande for prioritering av trafikktryggleik
7. Trafikkplanlegging skal ha fokus på trafikktryggleik generelt og mjuke trafikkantar spesielt
8. Etablere digitalt kartsystem for offentlege trafikkskilt.



Overordna mål for Gol barnehage

VISJON: Gol barnehage - starten på eit godt liv

VERDIGRUNNLAG

1. Barna skal få omsorg - som dekkjer fysiske og mentale behov
2. Barna skal oppleve likeverd - bygd på respekt for kvarandre
3. Barnehagen skal gje trivsel - skapt av tryggleik, glede og fellesskap
4. Verdigrunnlaget for barnehagen skal leggjast til grunn for oppdraging og læring av god folkeskikk.

BARNA

1. Barna skal utvikle evna til sosial kompetanse, språk og læring
2. Barna skal lære om Gol og få positive opplevingar i nærmiljøet og bygda vår
3. Barna skal oppmuntrast til å undre seg, stille spørsmål og vise medansvar. Dei skal møte anerkjenning og respekt for sin eigenart
4. Barnehagen skal ta utgangspunkt i det enkelte barn sine behov og ståstad ved barnehagestart og byggje vidare på dette gjennom heile barnehagetida
5. Kvart barn har sin individualitet og skal sjåast på som eit subjekt.

INNHALD

1. Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd
2. Barnehagen skal støtte heimen i omsorgs- og oppdragaroppgåver
3. Barnehagen skal fremje menneskeleg likeverd og forståing for berekraftig utvikling
4. Barnehagen skal gje grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område
5. Barnehagen skal formidle verdiar og kunnskap om ulike kulturar
6. Barnehagen skal leggje vekt på formidling av lokal kultur
7. Barnehagen sitt innhald skal byggje på eit heilskapleg læringssyn der omsorg, leik og læring er sentrale delar.

LÆRINGSMILJØ

1. Kvar barnehage skal vere tilrettelagt for læring og utfolding - både i ute- og innemiljøet
2. Det skal vere kvalifisert personale
3. Det skal vera god tilgang på pedagogisk materiell
4. Barnehagen skal fremje nære og gode relasjonar mellom barn-barn og vaksen-barn.



Overordna mål for grunnskulen i Gol

VISJON: Skulen i Gol – beste arena for læring og vekst

LÆRINGSUTBYTE

1. Opplæringa skal sikre gode basisferdigheiter i lesing, matematikk og engelsk
2. IKT-opplæringa skal vera ambisiøs og skal gjera elevane til kompetente brukarar av digitale verktøy
3. Opplæringa skal utvikle gode haldningar til miljø og berekraftig utvikling lokalt og globalt
4. Skulen skal medverke til glede ved fysisk aktivitet og aktiv bruk av naturen
5. Elevane skal bli kjende med og ta del i kulturelle opplevingar
6. Skulen skal medverke til utvikling av sosial kompetanse og demokratisk forståing.

LÆRINGSSTRATEGIAR

1. Alle elevar skal vera kjende med og forstå måla for opplæringa
2. Alle elevar skal bli seg bevisste eiga læring og få hjelp til å utvikle gode lærings-strategiar
3. Alle elevar skal utvikle gode haldningar til læring: Å lære er viktig
4. Skulen skal medverke til at føresette på Gol blir aktive medspelarar i skulen og blir seg bevisste kor viktig foreldrerolla er i barns læring.

LÆRINGSMILJØ

1. Skulebygg og uteareal skal vera estetisk og funksjonelt
2. Organiseringa av undervisninga skal fremje nære og gode relasjonar mellom elev og lærar
3. Timeressursen må vera tilstrekkeleg til å sikre eit godt forsvarleg pedagogisk tilbod til alle elevar
4. Dei spesielle behova til elevar med framandkulturell bakgrunn må møtast med tidleg innsats
5. Leiarar og personale skal vera kompetente og myndiggjorde
6. Det skal vera god tilgang på læremiddel
7. Skulen skal ha tydeleg lokal forankring.



Overordna mål for Læringscenteret Gol vaksenopplæring

VISJON: Læringscenteret Gol Vaksenopplæring ynskjer å fremje livskvaliteten hjå elevane ved å utvikle evna til meistring og deltaking i skule og samfunn

1. Kommunen vil gje vaksenopplæring i samsvar med krava som er stilte i lovverket.
2. Undervisninga skal så langt råd er, målrettast mot den einkilde sitt behov for kompetanse.
3. Gjennom Læringscenteret Folkeuniversitetet Hallingdal vil det kunne bli gitt undervisning og opplæring på alle nivå i utdanningssystemet som
 - kurs på vidaregåande nivå i samarbeid med vidaregåande skular
 - universitets- og høgskuleopplæring i samarbeid med universitet og høgskular
 - kurs i samarbeide med NAV
 - hobbykurs.

GRUNNSKULEOPPLÆRING (oppl.lov § 4a-1)

1. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal i samarbeid med Nes kommune gje tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne til dei som melder behov for slik opplæring
2. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal arbeide for å få til samarbeid med dei andre kommunane i Hallingdal.

SPECIALUNDERVISNING (oppl.lov § 4A-2)

1. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal gje tilbod om spesialundervisning for vaksne i samsvar med individuell opplæringsplan for den einkilde
2. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal leggje til rette for logopedi og afasibehandling for vaksne og gjer avtale med NAV om refusjon av utgiftene til behandling.

NORSKOPPLÆRING FOR MINORITETSSPRÅKLEGE

1. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal kunne gje tilbod om norsk med samfunnskunnskap for innvandrara, slik at deltakarane skal gå opp til og bestå norskprøve på rett nivå
2. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal vidareutvikle samarbeidet med Nes, Flå og Hemsedal kommunar
3. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring vil arbeide vidare for å få til samarbeid med alle kommunane i Hallingdal.

INTRODUKSJONSPROGRAM FOR INNVANDRARAR

1. Deltakaren skal vera i løna arbeid eller i kvalifiseringstiltak i regi av NAV-arbeid, eller ha byrja på vidare skulegang etter avlagt norskprøve
2. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal skaffe eit tilstrekkeleg tal ulike typar språkpraksisplassar i kommunale verksemder
3. Læringscenteret Gol Vaksenopplæring vil arbeide for å få til interkommunal samarbeidsavtale om Introduksjonsprogram.



Overordna mål for omsorgsavdelinga

VISJON: Omsorgstenester - for meistring av eigen livssituasjon

KVALITETSUTVIKLING

1. Utvikle og gjennomføre den nasjonale modellen for samhandling mellom 1. og 2.linetenestene
2. I heile organisasjonen skal tenestene utførast med utgangspunkt i heilskapleg og tverrfagleg tenking
3. Bidra til større interkommunalt samarbeid innan pleie- og omsorgssektoren
4. Vidareutvikle eit samanhengjande planverk for alt arbeid i avdelinga i samarbeid med dei tilsette
5. Vidareutvikle brukardialog og kommunikasjon med brukarar og pårørande for å sikre større medverknad
6. Arbeide vidare med å utvikle gode rutinar for arbeidet med tvang i systematiske tiltak
7. Betre rutinar for tiltaksplanskriving, IPLOS registrering og oppfølging av brukarane
8. Utarbeide og sikre gode system som skal ivareta kvalitet i tenestene.

PERSONALUTVIKLING

1. Omsorgsavdelinga skal ha myndiggjorde medarbeidarar
2. Det skal leggjast til rette for rekruttering av personale med relevant fagutdanning
3. Alle tilsette skal vera kompetente og kvalifiserte i møte med brukarane.
4. Arbeide aktivt med internundervisning med aktuelle tema både for faglærte og ufaglærte
5. Utarbeide gode samhandlingsarenaer med andre avdelingar i kommunen for å utvide utviklingspotensialet i personalet.



Overordna mål for NAV Gol

VISJON:

Vi gir menneske moglegheiter

Nav Gol skal arbeide for å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad for å kunne finansiere velferdsordningar i framtida.

1. Flest mogleg av dei som har behov for det, skal få hjelp til å koma i inntektsgevande arbeid.
2. NAV Gol skal bidra til at sjukmelde får god oppfølging gjennom samarbeid med den sjukmelde, arbeidsgjevaren og lege.
3. Færrest mogleg brukarar skal bli mottakarar av økonomisk sosialhjelp./Talet på brukarar som mottek eller er avhengige av økonomisk sosialhjelp skal reduserast.
4. Auke tilgang på tilfredsstillande bustader for dei som ikkje kan klare å skaffe seg eigna bustad sjølve.
5. I samarbeid med andre instansar skal NAV Gol vera med å sikre at flyktingar som kommunen tek mot, blir integrerte på ein god måte.
6. NAV Gol skal bidra til samarbeid og kooordinering av tenester til beste for brukaren.
7. NAV Gol skal leggje til rette for brukarmedverknad.
8. NAV Gol skal bidra til aktivt samarbeid med relevante samarbeidspartnarar for å førebyggje sosiale problem.
9. Alle tilsette skal vera kompetente og kvalifiserte til å kunne gjere bruk av alle NAV sine verkemiddel i møte med brukarane.



Overordna mål for barneverntenesta

1. Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig omsorg til rett tid.
2. Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge får trygge og utviklingsfremjande oppvekstvilkår.
3. Barneverntenesta skal gje koordinerte hjelpetilbod til utsette barn og unge og familiare deira.
4. Barneverntenesta skal sikre tryggleiken til barn og unge gjennom interkommunal barnevernvakt på kveldstid og i helgene.
5. Barneverntenesta skal gjera det som er mogleg for at dei som er i kontakt med tenesta, skal oppleva at dei vert møtte på ein respektfull og konstruktiv måte.



Overordna mål for helseavdelinga

HELSE I PLAN

1. Sikre gode interne rutinar for samarbeid mellom helse- og planfaglege avdelingar
2. Innarbeide omsynet til folkehelse og miljø i areal- og samfunnsplanlegging
3. Bruke og utvikle kompetanse på helsekonsekvensutgreingar og kommunehelseprofilar som verktøy i planlegginga
4. Innarbeide nasjonale føringar for fysisk tilgjenge (universell utforming) ved utforming av bygningar, uteareal og kommunikasjonsmidlar
5. Ha eit oppdatert og relevant planverk i beredskap
6. Bruke risiko- og sårbarheitsanalyser som verktøy i planlegging
7. Utvikle langsiktig plan for å møte framtidige utfordringar i pleie og omsorg på ein effektiv måte.

FØREBYGGING

1. Involvere skular, barnehagar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv i folkehelsearbeidet
2. Arbeide for å etablere gode aktivitetstilbod for unge og eldre i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
3. Arbeide med aukei tilgang på eigne bustader for dei som ikkje kan klare å skaffe seg bustad sjølve
4. Utvikle bustadpolitikk som drøftar forholdet mellom omsorgsbustader, sentrumsnære leilegheiter, institusjonstilbod
5. Lage langsiktig plan for korleis vi kan auke kompetansen blant eigne tilsette samt rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft
6. Syte for god og relevant informasjon om tenestenivå
7. Til ei kvar tid ha aktivt samarbeid med NAV og andre relevante samarbeidspartnarar for å bidra til at tryggleiken aukar økonomisk og sosialt gjennom arbeid og aktivitet tilpassa den enkelte
8. Prioritere å setje inn gode førebyggjande tiltak tidleg i familiar med store utfordringar og tett oppfølging til flyktningfamiliar med små barn
9. Skape samarbeidsarenaer mellom verksemdar i kommunen og andre for å førebyggje åtferdsproblem og rusproblem
10. Førebygging av einsemd og isolasjon
11. Bidra til auka kunnskap om smittevern i befolkninga og tenestene
12. Øve regelmessig på handtering av krisesituasjonar
13. Legge vekt på førebyggjande og skadereduserande tiltak i handlingsplanar.

REHABILITERING OG BEHANDLING

1. Brukarmedverknad i utforming av tenestene innan helse, sosial, pleie og omsorg
2. Med jamne mellomrom gjennomføre brukarundersøkingar
3. Styrka tilbod om helsetenester for utsette grupper
4. Styrka kunnskap om sosiale forskjellar i bruk av helsetenester
5. Styrka kunnskap om forhold som bidreg til sosiale forskjellar i bruk av helsetenester og forhold som kan motvirke slike forskjellar.



Overordna mål for kultur- og informasjonsavdelinga

BIBLIOTEK

1. Biblioteket skal vidareutviklast som lærings- og informasjonsarena
2. Biblioteket skal styrkjast som møteplass og kulturarena
3. Tilbodet av digitale formidlingstenester skal aukast
4. Det regionale biblioteknettverket skal styrkjast og utviklast.

KULTURVERN

1. Gol kommune skal profilere seg og bygge sin identitet på synleggjering av kulturminne og lokalhistorie og skal bidra til å spreie kunnskap om kulturarven vår
2. Gol kommune skal byggje opp under det frivillige kulturvernarbeidet
3. Gol kommune vil inngå forpliktande samarbeid med andre kommunar der dette kan styrkje og auke kvaliteten på kulturvernarbeidet.

KULTURFORMIDLING

1. Kultur skal brukast aktivt i sentrumsutviklinga og som omdømmebyggjar for Gol
2. Gol kommune skal byggje opp ein moderne kulturarena på Hallingmo som kan stimulere til kulturell eigenaktivitet og gi tilbod til alle om kulturopplevingar i form av utstillingar, konsertar, teater, dans, kino og litteratur.

KULTURSKULE

1. Kulturskulen skal vera eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen og skal støtte, hjelpe og samarbeide med andre aktørar som barnehage, skuleverk, det frivillige kulturlivet, næringslivet og andre aktørar
2. Kulturskulen skal stimulere og utvikle barn og unges kreativitet gjennom eit undervisningstilbod som omfattar eit mangfald av kulturelle uttrykk
3. Kulturskulen bør arbeide for å etablere eit skulekorps.

BARN OG UNGDOM

1. Barn og ungdom i Gol skal ha eit variert fritidstilbod prega av gode møteplassar, rusfrie arenaer og meningsfulle aktivitetar
2. Barn og ungdom skal få ansvar og delta i demokratiske prosessar
3. Det skal utviklast aktivitetsanlegg som er tilpassa barn og ungdoms behov for spennande utfordringar og uorganisert fysisk aktivitet.

LAG OG ORGANISASJONAR

1. Kommunen skal leggje til rette for og stimulere til eit rikt og mangfaldig organisasjonsliv ved hjelp av økonomiske tilskot, rettleiing og informasjon
2. Frivillige organisasjonar og kommunen skal samarbeide om eit allsidig kulturtilbod som er ope for alle.

IDRETT OG FRILUFTSLIV

1. Barn og unge skal ha tilbod om deltaking i idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i skular, SFO, barnehagar og på fritida i nærmiljøet sitt
2. Samarbeidet mellom kommune og idrettslaga må vidareutviklast både gjennom samarbeid om prosjekt og gjennom drifting av idrettsanlegg.

INFORMASJON

1. Gol kommune skal framstå som ein brukarorientert kommune med godt tilgjenge til og god informasjon om kommunale tenester i fyrstelina
2. Dei kommunale nettsidene skal utviklast som eit ledd i å realisere ”døgnopen forvaltning” for å gi innbyggjarane betre innsyn i behandlinga av sine saker.



Del 4. KLIMA OG UTSLEPP

Reduksjon av klimagassar

Regjeringa la i St. meld. nr 34 (2006-2007) fram sitt syn på norsk klimapolitikk. Energi- og miljøkomitéen på Stortinget la fram si innstilling i Innst. S. Nr.145 (2007-2008).

Dei viktigaste måla for den nasjonale politikken er:

- Unngå global oppvarming på meir enn 2°C i forhold til førindustriell tid
- Noreg skal vera karbonnøytralt seinast i 2030, og globale utsleppsreduksjonar som tilsvarer Noregs utslepp av klimagassar, skal vera oppnådd seinast i 2050
- Redusere Noregs utslepp med 13-16 mill tonn CO₂-ekvivalentar fram til 2020 når opptak i skog er inkludert
- 2/3 av Noregs utslepp skal takast ved nasjonal reduksjon
- Sterkare satsing på fornybar energi, forskning, teknologiutvikling og tiltak for reduksjonar i transportsektoren.

Viktigaste prinsipp:

- Den som ureinar, skal betale
- 70 % av nasjonale utslepp vil vera underlagt kvoteplikt eller CO₂ -avgift
- Iverksetje tiltak for å mobilisere befolkninga til tidlegare omstilling av forbruksmønster som gir lågare utslepp enn det auke i karbonpris vil utløyse åleine
- Formidle god og sakleg informasjon om korleis verksemdar og privatpersonar kan redusere eigne utslepp av klimagassar, og kva støtteordningar som er tilgjengelege.

For kommunane seier regjeringa:

Det skal vedtakast Rikspolitiske retningsliner (RPR) for kommunalt klimaarbeid. Kommunale verkemiddel skal nyttast i større grad enn i dag til å redusere klimagassar. Plan- og bygningslova vil bli ein reiskap i klimaarbeidet i kommunane.

Det er rekna med at ca 20 % av klimagassutsleppet i Norge er knytta til kommunale verkemiddel og tiltak.

**Skal målsettinga nåast innan 2020,
må reduksjonane av utsleppa i Gol
vere på minst 11 782 tonn
CO₂- ekvivalentar.**



Følgjande strategiar vert prioriterte:

STRATEGI 1. REDUSERE UTSLEPP FRÅ EIGEN TRANSPORT

- Tiltak 1:** Heimtenesta nyttar elektriske bilar innan sentrumsområdet.
- Tiltak 2:** Bruk av privat bil i heimtenesta vert gjennomgått med formål å redusere utslepp.
- Tiltak 3:** Stille krav om lågt utslepp ved fornying av leasingavtaler og kjøp av nye kjøretøy.
- Tiltak 4:** Størst mogleg del bruk av kollektivtilbod eller samkjøring til møte, kurs og liknande.

STRATEGI 2. REDUSERE BRUK AV PRIVATBIL FOR PENDLING

- Tiltak 5:** Kommunen deltar aktivt i fylkeskommunens planarbeid med regional delplan for kollektivtrafikk i Buskerud.
- Tiltak 6:** Oppfordre til større del samkjøring.
- Tiltak 7:** Gjere det meir attraktivt for pendlarar å busetje seg i Gol.

STRATEGI 3. GJERA SEG MINDRE AVHENGIG AV PETROLEUMSPRODUKT I OPPVARMING AV BYGNINGAR

- Tiltak 8:** Krevje innlegging av vassboren varme i nybygg over ein viss storleik.
- Tiltak 9:** Ikkje tillate oljekjele i nybygg over ein viss storleik eller tillate gammal oljekjele bytta ut med ny.
- Tiltak 10:** Etablere biovarmeanlegg eller geovarmeanlegg/gjødselvarme der det er formålstenleg.

STRATEGI 4. INFORMASJON TIL PRIVATE

- Tiltak 11:** Oppmuntre til å leggje inn vassboren varme basert på biobrensel i nye bustader/hytter.
- Tiltak 12:** Oppmuntre til å installere varmevekslar i ventilasjonssystem.
- Tiltak 13:** Oppmuntre til å installere varmepumpe og/eller varmevekslar i etablerte bustader.
- Tiltak 14:** Lansere slagordet "La bilen stå – bruk sykkel eller gå"

Dei viktigaste, og mest dramatiske utsleppa, kjem frå gassar som verkar på klimaet og sørgjer for drivhuseffekten. Skal det lukkast å halde global oppvarming på maksimum 2°C, må utsleppet av klimagassar monaleg ned. Gassar som kjem i atmosfæren, har både langtidsverknad og gjev globale verknader.

STRATEGI 5. REDUSERE UTSLEPPA AV KLIMAGASSAR GJENNOM PLANLEGGING

- Tiltak 15:** Nye bustadområde skal ha gang- og sykkelveggar knytta til eksisterande nett.
- Tiltak 16:** Krevje gjødselplanlegging og god spreining av husdyrgjødsel for å redusere utsleppa av metan og lystgass.
- Tiltak 17:** Bidra til/oppmuntre skogeigarar til auka hogst og skogplanting.



Tiltak 18: Gjennom Hallingdal Renovasjon IKS sørgje for ei effektiv innsamlingsordning når det gjeld problemavfall for vidare behandling i godkjent destrueringsverk.

Tiltak 19: God informasjon til innbyggjarane om innsamling via Hallingdal Renovasjon IKS og mottakspått for salsstadane for brukte produkt.

Tiltak 20: Sikre at avløpsslam til bruk i skog- og jordbruk ikkje overstig grenseverdiane for tungmetall.

Biologisk mangfald

Auka mengde CO₂ i atmosfæren og høgare temperatur vil isolert sett fremje plantevekst. Planter kan også bli meir motstandsdyktige mot tørke ved auka CO₂-konsentrasjon. Klimaendringar vil få konsekvensar for einskildartar av planter og dyr og for heile økosystem. Verknadene blir størst for dei artane som har grense for utbreiing i våre område. Artar som har si sørlege grense for utbreiing i Noreg, vil kunne få mindre leveområde fordi artane vert pressa til kaldare område. Artar i Noreg som lever på grensa for si nordlege utbreiing, vil kunne utvide sine leveområde.

Sesonglengde, snøgrense og -dekke, frost og fukt er klimaindikatorar som kan vera heilt avgjerande for evna til einskildartar til å overleve og formeire seg.

Klimaendringane vil kunne resultere i relativ stor endring i vegetasjonssamansetning, insektsamfunn og fuglesamfunn - spesielt i randsona mellom skog og fjell. Om desse endringane resulterer i tap av biologisk mangfald, heng saman med evna artane og natursystema har til tilpassing. I nokre tilfelle kan det finnast naturlege og kunstige barrierar for vandring.

Det er påvist at våren kjem tidlegare, og at hausten varer lengre enn situasjonen i førre hundreåret. Varmekjære artar på Austlandet blomstrar tidlegare enn før, medan situasjonen er motsett for planter med alpin utbreiing.

Auka temperatur og konsentrasjon av CO₂ i skogen vil stimulere til auka tilvekst.

Kva for treslag som vil tilpasse seg, avheng av lengda på kvar generasjon, genetisk variasjon, bestøving og evne til frøproduksjon. Mykje tyder på at den nordlege barskogen vil tape konkurransen mot lauvtre. Klimaendringane vil føre til ein kraftig auke i skogarealet og tilhøyrande auka tømmeråttgang. Auke i vindfall og skadedyr vil redusere økonomisk gevinst. Biologisk mangfald vil endre seg med endringar i samansetninga i økosystemet i skogen. Artar som i dag har livsgrunnlaget sitt i fjellet, som for eksempel villrein og fjellrype, vil få redusert leveområde ved reduksjon av fjellskogen og fjellområda. I motsetnad til bestandar av storvilt (elg/hjort) og rådyr som vil auke i takt med auka skogsareal.

Barkebillar kjem svært godt ut av klimaendringane.

Barkebillar vil kunne doble sine moglegheiter til forplantning. Auka vind og tørke kan føre til langt hyppigare utbrot.

Det er difor svært sannsynleg at klimaendringar vil auke skadeomfanget på skogen.

Elg blir påverka av klimaendringane

Det er venta store endringar i utbreiing av elg. Det er særleg i område med små bestandar verknadene vert størst. Eksistensen til elg er ikkje truga, men det geografiske tyngepunktet vil



flytte seg. Vellykka flytting krev at det er ein plass å flytte til, og i kombinasjon med endringar i arealbruken gir klimatrusselen ei stor utfordring. Elg gir rask og tydeleg respons på ver og vind. Det skal berre små klimaendringar til før responsen er der. Overleving og talet på kalvefødsjar varierer i takt med klimaet. Tørr og varm forsommar på Austlandet vil gje fiberrikt og tungt fordøyeleg beite. Dette vil vere ein alvorleg situasjon for sommarbeita som er svært viktige for kondisjonen til elgen.

Tiltak 21: Skogeigarane må oppfordrast til aktiv skogpleie for å hindre store angrep av barkebiller.

Tiltak 22: Viktige lokalitetar for reproduksjon og vekst for einskildartar må sikrast gjennom omsynssone.

Bruk av kjemikalium

Ved temperaturauke på 2°C kan vi vente oss lengre vekstsesong, auka avlingar av nyttevekstar med større vekstpotensiale og moglegheit til å nytte nye meir varmekrevjande sortar. Dette er ikkje udelt positivt. Aukande temperatur vil krevje tilpassingar i landbruket. Til dels vil nye plantesjukdommar og skadeinsekt krevje utvida bruk av mottiltak. Aukar temperaturen meir enn 2°C, vil vi mange stader sjå sviktande avlingar, utrydding av artar, fleire stormar, skogbrannar og flaum.

For Gol kommune er det vanskeleg å vite heilt kva som kan skje, men truleg vil det verae lite. Aukar middeltemperaturen med 2°C, vil det bli Oslofjord-klima i kommunen. Det vil ikkje være dramatisk.

Det er i dag ikkje nokon storskala frukt – og grønsakproduksjon i kommunen. Det er mest frukt - og grønsakproduksjon som vert plaga med sjukdomar og skadeinsekt. I grasproduksjonen blir det sprøyta mot ugras. Nye ugrasartar krev nye mottiltak.

Auka vekstsesong i Gol kan føre til at fleire startar kornproduksjon. Under fuktige tilhøve kan det bli problem med soppangrep. Det blir i dag sprøyta for å ta livet av soppen. Skadedyr på korn finst også. Sprøyting er eit mottiltak.

Energibruk

Det vert nytta energi i forskjellige former i stasjonære anlegg til oppvarming, lys og drift av maskiner og utstyr.

Energiforbruket i stasjonære anlegg i Gol kommune er 136 GWh i eit normalår.

Temperaturkorrigert forbruk av elektrisk kraft i eit normalår er 109 GWh, eller ca 80 % av totalforbruket.

Det er eit mål å unngå at auke i energibruk skjer gjennom auke i bruk av elektrisk energi og petroleumsprodukt til oppvarming.

Målsetjingane i framtidig energiforbruk i Gol bør vera:

1. *Redusere bruken av petroleumsprodukt til oppvarming*



2. Redusere bruken av elektrisk kraft til oppvarming
3. Erstatte petroleumsprodukt og elektrisk kraft til oppvarming med andre kjelder enn i punkt 1 og 2
4. Etablere bustadfelt med lågenergibustader.

Fylgjande strategiar vert prioriterte:

STRATEGI 7. MILJØVENLEG OPPVARMING

Tiltak 23: Krevje at tiltakshavarar for nye næringsbygg, utleigebygg med meir enn 10 einingar og utbyggjarar av nye bustadfelt utgreier energireducerande løysingar, alternative energikjelder og vassboren varme før byggjeløyve blir gitt.

Tiltak 24: Krevje minst to oppvarmingssystem i nye bustader og hytter der minst eitt skal vera basert på biobrensel eller geovarme.

STRATEGI 8. KOMMUNEN VISER VEG

Tiltak 25: Kommunen skal vera i front når det gjeld lågenergiløysingar, alternativ energiforsyning og vassboren varme ved nybygg og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse.

Tiltak 26: Nye byggeområde skal plasserast slik at det vert nytta minst mogleg energi til teknisk infrastruktur.

STRATEGI 9. PRIVAT - OFFENTLEG SAMARBEID

Tiltak 27: Kommunen skal vera pådrivar for etablering av fellesløysingar i Gol sentrum for etablering av alternativ energiforsyning.

STRATEGI 10. INFORMASJON

Tiltak 28: Utarbeide informasjonsfaldar til byggherrar, arkitektar og konsulentar med oversikt over tekniske løysningar for alternativ oppvarming og varmegjenvinning og over offentlege faginstansar og støtteordningar.

Tiltak 29: Saman med Hallingdal Kraftnett AS utarbeide informasjonsfaldar til husstandane og næringslivet om energisparing, og energigjenvinning.

Energikrav i nybygg

Norske bustader og fritidsbustader er for det aller meste varma opp med elektrisitet. Det er tilfellet også i Gol. For å redusere elektrisitetsbehovet for oppvarming, har staten fastsett nye og strengare krav til isolasjon i alle typar nybygg.

Nybygg skal ha:

- betre isolasjon i vegger og tak
- betre isolasjon i vindauge



- ventilasjon med varmegjenvinning
- alternativ varmekjelde til elektrisitet og/eller fossilt brensel.

Krava skal også gjelde for fritidsbustader over 150 m². For fritidsbustader mellom 50 m² og 150 m² er krava mindre strenge.

Kommunane har fått nye verkemiddel til å redusere avhengnad av elektrisitet til oppvarming.

Gol kommune vil følge opp krava ved:

- i bestemmingane for nye reguleringsplanar påleggje at utbyggingsområde skal tilretteleggast for vassboren varme
- gjennom rekkjefølgjebestemmingar vedta at eit område ikkje kan takast i bruk før energiforsyning er løyst
- tilknytningsplikt for fjernvarmeanlegg.

Kommunen skal dessutan:

- På grunnlag av Klimaplan for Hallingdal og Valdres utarbeide lokal klima- og energiplan som rettsleg bindande kommunedelplan.
- Opprette kommunal/interkommunal tilsynsordning med vekt på tilsyn av dei nye energireglane.

Avfall

Hallingdal Renovasjon IKS, som kommunen er deleigar i, skal framleis vera ansvarleg for innsamling, mottak, destruering og vidareending av alle typar avfall i kommunen.

Bedrifter og gardsbruk skal ha eigne avtalar om innsamling og transport av avfall.

Bedrifter med detaljsal er pliktige til å ta ei rekkje kasserte gjenstandar i retur frå forbrukar ved kjøp av nye, tilsvarande artiklar.

Hovudmålsetjingane er å:

- redusere avfallsmengda frå både hushaldningane og bedriftene
- innsamling av alt avfall som skal leverast til mottak
- størst mogleg gjenbruk av ressursen avfallet representerer
- trygg destruering eller vidareending av spesialavfall

Gol kommune skal vere aktiv bidragsytar gjennom eigarskapet i Hallingdal Renovasjon IKS.

Tiltak 30: Gol kommunehus skal vere eit Miljøfyrtårn og inspirere og motivere privatpersonar og bedrifter til avfallsminimering og kjeldesortering.

Tiltak 31: Etablere fleire returpunkt der det er naturleg å redusere tradisjonell containar-renovasjon.

Tiltak 32: Kommunen skal vera pådrivar for alternativ og nyskapande avfallshandtering.



Gol kommune skal følgje opp nasjonale mål og regelverk og konkretisere dette gjennom *Avfallsplan for Hallingdal*.

Tiltak 33: Oppfølging av nytt planverktøy (Plan og Bygningslova) og bruk av tilsyn på byggjeplassar.

Tiltak 34: Gjennomføring og oppfølging av lokal forskrift om brenning av avfall.

Tiltak 35: Fjerne skjemmande samlingar av avfall og avfall som ikkje er miljøsanert.

Lokalt klimafond

Friviljug innbetaling av CO₂ avgift til klimafond er ein nasjonal strategi for å skaffe midlar til reduksjon av klimagassar. Primært skal midlane nyttast til kjøp av klimakvoter utanlands. Midlane skal rettast mot tiltak som gjev størst verknad. Oppretting lokale klimafond for å skaffe midlar til lokale tiltak kan óg vera mogleg.

Kjøp av klimakvoter er i desember 2008 15 Euro/tonn. Det tilsvarer 140 kroner/tonn.

Til eksempel er CO₂- utslepp frå ein privatbil med årleg kjørelengde 20 000 km tilsvarande 4,2 tonn eller kvotekjøp på 588 kroner.

Eit lokalt klimafond kan finansierast gjennom lokalt kvotekjøp og nyttast til tilskot til omlegging av oppvarmingskjelder frå fossilt brennstoff til fornybare kjelder i verksemder og i bustader og til kjøp av kollektivtransport.

Oppretting av eit slikt fond vil krevje samarbeid mellom fleire partar, både offentlege og private.

Tiltak 36: Kommunen skal greie ut om det er mogleg å etablere lokalt klimafond.





Del 5. AREALFORVALTNING – BRUK OG VERN

Bustadbygging

Ved inngangen av planperioden hadde Gol i alt 2 519 bustader. Mesteparten, 73 %, var einebustader, 10 % var tomannsbustader og 8 % rekkjehus/småhus.

Uregulerte område for bustadbygging utgjer ca 535 daa. Regulerte tomter som er tilgjengelege, utgjer ca 65 fordelt på 3 felt. I tillegg kjem 3 avsette område for 28 tomter og framtidige leilegheiter i sentrum. Totalvolumet utanom sentrum utgjer ca 340 nye bustader. Det betyr ein folketilvekst på omtrent 1 000 personar. Dette er ca 3 gonger over prognosen for folketilvekst i planperioden.

Med normal byggjeaktivitet er arealreserven tilstrekkeleg for 17-20 år.

Ervervsområde

Ervervsområda skal i framtida leggjast godt utanom sentrumsområdet i område med avgrensa skadelege naturinngrep, det vil seie ikkje dyrka mark. Ulempa er at vatn og avløp må ordnast med lokale løysingar.

Verneområde

Verneområda Metubba/Brenn, Lyseren og Veikulåsen skal forvaltast etter statleg vedtatt regelverk. Fire vassdrag med tilhøyrande nedbørsfelt er varig verna mot utbygging.

Vassdrag

I planlegging skal kommunen ta omsyn til Rammedirektivet for vatn/regional forvaltningsplan for vassressursane. Viktige vassdrag for friluftsliv, rekreasjon og naturtilhøve skal ha omsynssone på 100 meter.

Nye tekniske inngrep innanfor 50-metersbeltet for vassstrengen i andre vassdrag skal ikkje tillatast. Inngrep i sjølve vassstrengen skal godkjennast av NVE før igangsetjingsløyve vert gjeve.

Støy

Som vedlegg til arealdelen blir det utarbeidd støykart. Det skal vise støy frå eksisterande jernbane, riksvegar og utvalde fylkesvegar. Innan raud sone skal det ikkje etablerast nye støyfølsame tiltak. Innan gul sone kan støyfølsame tiltak etablerast dersom avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold.

Ved etablering av ny støyande verksemd skal kommunen krevje støyberekning og kartfesting av støysoner som del av planprosessen.

Samanhengjande naturområde/skogsområde

Desse områda er viktige som leveområde og trekkruiter for hjortevilt, fugleliv, beite for husdyr og friluftsliv. Områda i Vestlie, Søråsen- Tretteskogane, Golsfjellet og Skaran bør ikkje punkterast ved eventuell utbygging.

Produksjonsområde i landbruket - viktig kulturlandskap

Produksjonsområda i landbruket skal ikkje forringast ved å leggje ut dyrka jord til utbygging. Viktige kulturlandskap i Herad, Golreppen, Tuppeskogen, Øygdane, Grønlio, Åsgardane og i Trettskogane samt støslagsområda skal søkjast skåna for anna utbygging enn tradisjonelt landbruk. Utbyggingsområda for fritidsbustader skal ikkje leggjast slik at verdiane i støslagsområda vert forringa.



Viktige ledd i kommunikasjonssystemet er

- Jernbane
- Vegar
- Kraftliner
- Turstiar
- Skiløyper
- Sendarar og fastliner for radio/TV, telefoni og data

Eksisterande og framtidige trasear skal avsetjast på plankartet eller i eige temakart.

Viktige biotopar

Miljøvernministeren har bede ordføraren ta spesielt vare på arten Frygisk slørsopp. Den veks ved Mobekken i Gol som ein av to lokalitetar i Norge. Den veks i rik barskog med kalk i grunnen og er sårbar ved flatehogst. Den er kategorisert som sterkt truga.

Vekseområdet bør skjermast gjennom eiga omsynssone. Andre viktige lokalitetar er spelplassar for skogsfugl, vekseområde for sjeldne lav- og soppantar og plantar.

STRATEGI 11. BRUK AV NATURRESSURSAR

Tiltak 37: Nye ervervsområde blir lokalisert til mindre verdfull utmark.

Tiltak 38: Mindre masseuttak av høvelege massar skal leggjast nært opp til venta brukarstad.

Tiltak 39: Vassressursane skal ivaretakast i samsvar med regional forvaltningsplan.

STRATEGI 12. VERN

Tiltak 40: Strandsoner til sjø og elv samt område utsette for støy frå trafikk eller industri skal ikkje tillatast nytta til utbygging.

Tiltak 41: Omsynssoner for skjerming av viktige biotopar skal avmerkjast på plankartet.



DEL 6. SAMFUNNSSIKKERHEIT

Samfunnssikkerheit er å planleggje for at verknaden av naturbasert sårbarheit vert redusert mest mogleg, og at hendingar som trugar liv og helse, miljø og økonomiske tilhøve vert handtert slik at skadeverknadene for den einskilde og samfunnet vert minst mogleg.

Beredskapsplanlegginga i kommunen skal rettast inn mot å kunne takle både naturbaserte og verksemdsbaserte hendingar på ein trygg måte.

Global oppvarming er venta å føre til meir nedbør i form av regn og snø og meir vind, men også periodar med tørke. Dette vil medføre fare for oversvømmingar, erosjon og ras samt skogbrann.

NVE har utarbeidet flaumsonekart for Hallingdalselva frå Gol sentrum til Engene. Tilsvarande kart for Hemsil skal utarbeidast.

I arealforvaltninga skal det ikkje tillatast utbyggingsområde eller bygningar i landbruket i LNF-områda der største nominelle fare for flaum, erosjon og isgang er i sikringsklasse F2, det vil seie der det er sannsynleg med 200-årsflaum.

Tilsvarande restriksjonar skal leggjast på område som vert kartlagde for fare for alle typar skred.

Det er utarbeidd eige dokument *Samfunnssikkerhet i Gol* som i detalj tek for seg moglege hendingar, og som beskriv kommunens ansvar og statlege organ som kan bli involverte.

Tiltak 42: Utarbeide ROS-analyse i forhold til venta klimaendring.

Tiltak 43: Krevje at ROS-analyse blir utarbeidd før godkjenning av private reguleringsplanar.






DEL 7. VEDLEGG

Befolkningsutvikling

Statistikken viser følgjande befolkningsutvikling frå 1951 til 2008:




Kjelde: SSB.

Kolonne 1: 1951, kolonne 2: 1960, kolonne 3: 1970, kolonne 4: 1980, kolonne 5: 1990, kolonne 6: 2000, og kolonne 7: 2008.

I dette tidsrommet har befolkninga auka frå 2793 til 4439, ein auke på 1 646. Det er ein auke på 59 %, eller ca 1 % årleg vekst. Den største auken skjedde i åra frå 1960 til 1980, deretter har veksten flata ut.

Blir befolkninga framskriven til 2020 etter alle middels alternativ (fødselshyppigheit, dødelegheit, innflytting, utflytting) viser prognosen følgjande:




Kjelde: SSB.

Kolonne 1: 2010, kolonne 2: 2015 og kolonne 3: 2020.

Prognosen seier at befolkninga vil auke med 324, frå 4485 i 2010 til 4809 i 2020. Det tilsvarer ein årleg auke på ca 0.7 %.

For planlegging av tenesteproduksjonen er befolkningsstrukturen framover viktig.



Kjelde:SSB

Serie 1: Barnehagebarn. Serie 2: Skulebarn. Serie 3: 67-79 år. Serie 4: Over 80år
 Kolonne 1: 2007, kolonne 2: 2010, kolonne 3: 2015, kolonne 4: 2020.



Kjelde:SSB

Kolonne 1: 2007, kolonne 2: 2010, kolonne 3: 2015, kolonne 4: 2020.
 Prognosen viser at barnehagene vil trenge 34 nye plassar fram til 2020 (+11 %). Kommunen vil få 44 nye barn i skulepliktig alder (+ 8.4 %). Elevar i vidaregåande alder og yrkesalder

aukar med 176 (+ 6.1 %) og pensjonistar med heile 170 (+ 25 %). Merk at meir enn heile auken blant pensjonistane kjem i aldersgruppa 67 – 79 år.

Eldrebyggja i Gol kjem frå 2015 og blir forsterka frå 2020 og utover.

Ressursane til helse og barnehage kan haldast på dagens nivå i alle fall til 2020. Skule vil ha behov for noko meir.

Befolkningsauken fram til 2020 krev eit bustadbehov på ca 100 einingar. Dei nye bustadene i sentrumsområdet og områda for spreidd bustadbygging utanom sentrum vil dekkje behovet. I tillegg vil det bli bygd leilegheiter i sentrum.

Det vil bli behov for ytterlegare omsorgsbustader frå slutten av perioden.

Identifisering av ytterlegere nye bustadområde må skje ved rullering av kommunedelplanen for Gol Tettstad.

Arbeidsplassutvikling

NÆRING	1990	1995/96	2001	2006	2007
Primærnæring	229	204	119	189	170
Industri	208	198	235	248	238
Kraftproduksjon	101	78	71	69	66
Bygg og anlegg	103	131	245	326	368
Varehandel	344	363	474	583	606
Transport	54	72	93	104	83
Privat tenesteyting	139	226	204	326	336
Offentleg administrasjon og tenesteyting		510	638	849	822
Hotell og restaurant	336	420	341	264	312
Uspesifisert		82	27	13	11
Sum	1 338	2 305	2 465	2 963	3 052

Kjelde: Buskerudstatistikk.

Statistikken viser at talet på arbeidsplassar i denne perioden har auka med over 100 %. Auken er mest markant innan offentlig administrasjon og tenesteyting, varehandel, bygg og anlegg og privat tenesteyting.

Hotell og restaurant, primærnæringane og kraftproduksjonen har hatt nedgang i talet på sysselsette.

	1990	1996	2001	2007	2008
Arbeidstakarar busette i Gol	1 512	1 959	1 508	1 884	1 946
Sysselsette i Gol	1 906	2 314	2 223	2 963	3 052
Innpendling til Gol	3 94	335	715	1 079	1 106
Utpendling frå Gol			468	581	562
Netto arbeidsplassar i Gol			1 755	2 382	2 490

Kjelde: Buskerudstatistikk.

Nesten 40 % av auken i sysselsette har skjedd ved auka innpendling frå nabokommunane. Resten skuldast auka del av befolkninga i løna arbeid og generell befolkningsauke.

Utvikling innan detaljhandel

	Tal på bedrifter	Årsverk	Omsetning	Omsetning per årsverk
1999	79	308	361,9 mill	1,175 mill
2005	70	352	501,6 mill	1,425 mill

Kjelde: Buskerudstatistikk.

Detaljhandel betyr mykje både i talet på bedrifter, omsetning og arbeidsplasser. Produktiviteten målt i omsetning per årsverk har auka meir enn konsumprisindeksen i same periode.

Utvikling innan reiselivsbedrifter

	Tal på bedrifter	Årsverk	Omsetning	Omsetning per årsverk
1997	17	411	202,8 mill	0,49 mill
2005	22	262	239,8 mill	1,425 mill

Kjelde: Buskerudstatistikk.

Omsetninga innan bransjen har følgd konsumprisindeksen medan produktiviteten har auka dramatisk i perioden.

Det aller meste av arbeidsplassutviklinga har skjedd i sentrumsområdet. Kommunedelplanen for Gol Tettstad legg opp til høgare utnyttingsgrad både i sentrumsområdet og i industriområda. Potensialet arealmessig er tilstades for vidareutvikling og nyetableringar.

Kravet om utleige-einingar i utviklingsområda for reiseliv på Golsfjellet og auka satsing på sommartrafikk frå utlandet vil kunne skape nye arbeidsplassar.

Transport og CO₂ – utslepp

Transport i offentleg regi

Ein organisasjon som Gol kommune er avhengig av transport i tenesteutøving, internt og for deltaking i møte og kurs.

Kommunen har eigne kjøretøy, leasar bilar og betaler kjøregodtgjersle for bruk av privat bil.

Talmaterialet i det etterfølgjande er henta frå rekneskapet for 2007, kjørebøker og spesifikasjonar frå leverandør.

Bruk av eigen bil

Utbetalte kjøregodtgjersle i 2007 representerte ei kjørelengde på 287 000 km. Største enkeltbruker var omsorgsavdelinga med 84 900 km.

Leasingbilar

Bruk av leasingbilar representerte 183 800 km, og omsorgsavdelinga stod for 115 800 km.

Kommunalt eigde

Eigne bilar kjørte ut ein distanse på 50 000 km.

Totalt vart det kjørt ut 52 800 km med kommunalt betalte bilar.

Skuleskyss

Skuleskyss representerte 113 240 km med taxi og 30 400 km med buss.

Transport i privat regi

Kjøretøyregistret i Vegdirektoratet seier at det i Buskerud er 588 registrerte bilar per 1 000 innbyggjarar. Overført til Gol betyr det ca 2 600 bilar. Bli årleg gjennomsnittleg kjørelengde sett til 15 000 km, blir utkjørt distanse 39 000 000 km

Privat kjøring til og frå barnehage og pendling kan bereknast nokonlunde.

Barnehage

Dei aller fleste barn blir kjørte av foreldra til barnehage. Mengden barn som blir kjørte til plassene i sentrumsbarnehagane, kan setjast til ca 70 %. Der blir kjøreavstand gjennomsnittleg 4 km kvar veg.

Årleg utkjørt distanse til og frå barnehagar blir dermed 220 340 km.

Innpendling

Av 1 080 som dagleg pendlar, kan det tenkjast at 30 % anten brukar kollektivtransport eller inngår i kjørelag. Gjennomsnittleg pendlaravstand blir sett til 25 km. Det blir rekna 245 arbeidsdagar i året.

Det gir ein utkjørt distanse på 9 261 000 km.

CO₂ utslepp

Dei totale utsleppa av CO₂ i Gol er rekna til 5,3 tonn per innbyggjar per år, eller ca **23 563 tonn** (Kjelde: Statistikkbanken SSB). Utsleppa kjem frå forbrenning av fossilt brennstoff i motorkjøretøy, gass til oppvarming og matlaging, traktorar, skogs- og anleggsmaskiner, motordrivne reiskapar og aggregat.

Spesifikasjonane frå bilbransjen tilseier at gjennomsnittleg utslepp av CO₂ kan setjast til 210 gram/km for privatbilar og 216 gram/km for leasingbilar.

CO₂ utslepp i kommunal regi:

337 000 km privat bil x 0,210 kg/km =	70,77 tonn
183 800 km leaset bil x 0,216 kg/km =	39,70 tonn
SUM	110,47 tonn

CO₂ utslepp kjøring til barnehagane:

220 340 km x 0.21 kg/km = 46,27 tonn

CO₂ utslepp pendling:

9 261 000 km x 0.21 kg/km = 1 945,8 tonn

Totalt utslepp frå kjøretøyparken i Gol:

39 000 000 km x 0.21kg/km = 8 190 tonn.

**Målsettinga er å redusere utsleppa av CO₂
med 50 % innan 2020 og vera karbonnøytral i 2050.**

For alle typar motorar som brukar fossilt brennstoff, blir reduksjonen målt direkte med brennstoffbruket.

For overgang frå å nytte elektrisitet eller fossilt brennstoff til bio- eller geovarme til oppvarming, blir utsleppsreduksjonen rekna mot CO₂ utslepp fra kolkraftverk.

Områda transport og oppvarming av bygg vil kunne bety mest i CO₂ – rekneskapet.

Utslepp til luft og vatn

Menneskeleg aktivitet i form av produksjon, transport, forbruk og avfall fører til uønska utslepp til luft og vatn.

Enkelte utslepp er harmlause, andre skadelege eller farlege. Tida dei finst i farlege konsentrasjonar, varierer veldig. Stoff blir tekne opp i næringskjeda. Dei kan påverke høgareståande organismar negativt, blant anna forplantningsevna.

Utslepp til luft

Dei viktigaste, og mest dramatiske utsleppa, kjem fra gassar som påverkar klimaet og sørgjer for drivhuseffekten. Skal det lukkast å halde global oppvarming på maksimum 2°C, må utsleippet av klimagassar betydeleg ned. Gassar som kjem i atmosfæren, har både langtidsverknad og gir globale verknader.

Utslepp av klimagassar blir omrekna til CO₂ – ekvivalentar.

Desse gassane blir rekna som klimagassar:

Klimagass	Kjelder	Prosentdel
Karbondioksyd (CO ₂)	Forbrenning fossilt brennstoff	79,8
Metan (CH ₄)	Drøvtyggjarar og avfallsdynger	8,1
Lystgass (N ₂ O)	Nedbryting nitrogensambindingar, jordbruksareal	8,9
Hydrofluorkarboner (HFK)	Kuldeanlegg og brannsløkkingsutstyr	0,9
Perfluorkarboner (PFK)	Aluminiumsindustrien	1,5
Svovelhexafluorid (SF ₆)	Elektrisk utstyr	0,6

Sektorane industri (28,9 %), petroleumsverksemd, (24,6 %) og landtransport og luftfart (23,7 %) står for til saman nesten 80 % av norske utslepp. Gol sin del av alle desse er svært liten. Til samanlikning er utsleppet frå landbruk 8 % og til oppvarming av bygg 4,2 % av totalen.

Forsurande utslepp til vatn

Desse blandar seg med vatn og forsurar vassmiljøet til skade for botndyr og fisk. Organismar som tåler forsuringa, blomstrar opp.

Gassar/stoff	Kjelder
Svoveldioksidar	Fossilt brensel
Nitrogenoksidar	Fossilt brensel
Ammoniakk	Handelsgjødsel, kjølemedium i større fryse- og kjøleanlegg

Reduksjon i bruk av fossilt brensel vil automatisk føre til reduserte utslepp av forsurande gassar.

Tungmetall

Tungmetall frå industri, gruvedrift og avfall blir tekne opp i levande organismar og akkumulert opp i næringskjeda. Dei utgjer ei fare for helse og miljø.


Metall/Stoff	Kjelder
Arsen	Fossilt brensel, impregnert trevirke av gammal type, elektronikk, halvleiarar, integrerte kretsar
Bly	Batteri, keramikk, krystall, blyglass
Kadmium	Batteri, kule – og rullelager
Kobber	Elektriske apparat, vassrør, elektriske leidningar
Krom	Legeringar med stål, overflatebehandla metall, impregnert trevirke av gammal type
Kvikksølv	Tannfyllingar, vitenskaplege instrument, neonlys, lysstoffrør, insektmiddel, sprengstoff, fargestoff
Svevestøv	Slitasje på mineralar, forbrenningsprossar, kjemiske reaksjonar i atmosfæren
Bromerte flammehemmarar	Elektronikk, isolasjonsmateriale, tekstilar

Energiforsyning

Elektrisk kraft fra vasskraftverk er den overlegent største energiberaren i Noreg. Den er fri for ureining og fornybar. Tilgangen er nedbøravhengig. Forbruket i hushaldningane aukar frå år til år både fordi fleire bustader og hytter blir varma opp, men også fordi det enkelte nye objektet blir større og innetemperaturen blir auka. Tilgangen til ny vasskraft er avgrensa og held ikkje tritt med auken i forbruket. Nettoimport av kraft fra Norden og Nord-Europa skjer gjennom eit nett av overføringskablar. Handelen føregår via kraftbørsen Nor-Pool.


Energiforbruket i stasjonære anlegg innan Gol kommune er 136 GWh i eit normalår. Temperaturkorrigert forbruk av elektrisk kraft i eit normalår er 109 GWh.

Fordelinga mellom energiberarane:



Sektor 1: Elektrisk strøm. Sektor 2: Petroleumsprodukter. Sektor 3: Biobrensel.

Forbruket av elektrisk kraft fordeler seg slik:




Sektor 1: Husholdninger og landbruk. Sektor 2: Hytter. Sektor 3: Tenesteytande næringer

Kraftrettar

Gol kommune har krafttilgang i form av konsesjonskraft, andelskraft og erstatningskraft på i alt 68,671 GWh.

Rettane fordeler seg slik:



Sektor 1: Konsesjonskraft. Sektor 2 Andelskraft. Sektor 3: Erstatningskraft.


Andelskraft har den avgrensninga at ho skal omsettast i konsesjonsområdet.

Konsesjonskraft og erstatningskraft kan omsetjast fritt i marknaden.

Mengden andelskraft varierer med produksjonen i Uste - Nes.

Den mengda som er nytta, er minimumsretten.

Kraftrettane blir forvalta slik:



Sektor 1: Sal i marknaden. Sektor 2: Sal i forsyningsområdet. Sektor 3: Bruk i egne anlegg.

For å dekkje totalbehovet innan kommunen, må det tilførast ca 40 GWh frå andre. Forbrukarane står fritt til å inngå leveringskontrakt med kva leverandør som helst.

Energiutgreiinga for Gol kommune utført av Hallingdal Kraftnett i desember 2007 seier at venta auke i energibehovet i Gol fra 2005 til 2025 er på 12 GWh, eller 9 GWh fram til 2020, fordelt likt på områda nye bustader, hytter og næringsbygg.

Venta nasjonal auke i forbruk av elektrisk kraft opp mot venta produksjon gir eit behov for framtidig nettoimport. Elektrisk kraft vil i åra framover bli nasjonal mangelvare og vil derfor bli for viktig til å bli nytta til oppvarming av bygningar. Auka kraftproduksjon i betydelege mengder frå vindkraftverk og olje-/gasskraftverk med CO₂ – fangst ligg mange år fram i tid. Ønskjet om reduksjon av CO₂- utslepp må føre til at oppvarming med oljefyringsanlegg vil bli redusert.

Regjeringa varslar i St.meld. 34 (2006-07) at ho vil etablere ei støtteordning for konvertering av oljekjellar til fornybar varme i eksisterande bygg og innføre forbod i plan- og bygningsloven mot å installere oljekjel i nye bygg. Regjeringa vil også innføre støtteordningar for ny elektrisitetsproduksjon frå fornybare energikjelder, det vil seie vasskraft, vindkraft og bioenergi. Om desse tiltaka fører til balanse mellom produksjon og forbruk, er usikkert.

Sweco Grøner AS har på oppdrag frå Gol kommune utarbeidd varmeplan for Gol kommune. Planen konkluderer med at det er rekningsssvarande å etablere eit nærvarmeanlegg med biobrensel for å forsyne etablerte bedrifter i søndre delen av Gol sentrum vest med vassboren varme. Lokale punktvarmeanlegg kan enkelt etablerast ved Helsetunet og Gol skule. Når Hallingmoprosjektet blir gjennomført, er det rekningsssvarande å basere oppvarming på eit eige anlegg der for eksisterande og ny bygningsmasse.

Gol-på-tvers-modellen

Gol på tvers som samarbeidsmodell blir kommunens hovudstrategi for å etablere ein ”utviklingsmotor” for Gol., jf. K-sak 31/09 av 16.06.09 Gol på tvers - rapport frå plansmie.

Modellen, som er utarbeidd av styringsgruppa for Gol på tvers, baserer seg på at offentleg og privat sektor arbeider fokusert og effektivt saman for ei berekraftig utvikling og framtid.


Frå Plansmierapporten:

”Samarbeidet går ut på at man

- 1) enes om felles verdigrunnlag, hovedmål og strategier for utviklingen og
- 2) gjennomfører enten felles prosjekter, delvis samarbeid eller en gjensidig tilpasning av de enkeltes prosjekter for å bidra til at målene oppnås.

Samarbeidsmodellen vil føre til økt forutsigbarhet i plansaker for offentlige og private aktører. Den vil også sikre en mer målrettet og effektiv utvikling ved at man drar veksler på offentlige og private interesser, kompetanse og ressurser, innenfor en omforent ramme.”

Politisk organisering Gol kommune



Adm – utval: Administrasjonsutval består av formannskap og to medlemmar frå arbeidstakarorganisasjonane

AMU: Arbeidsmiljøutval består av 4 medlemmar frå arbeidstakarorganisasjonane, hovudverneombod og 5 frå arbeidsgivarane


PLB: Plan- og byggenemnd

UKL: Utval for Kultur og Levekår

UNN: Utval for Natur og næring

GBKF: Gol Byggedrift Kommunalt Foretak

Administrativ organisering Gol kommune gjeldande frå 01.07.08



Gjeldande fag- og avdelingsplanar per januar 2009

Namn	Vedtatt dato	Sak nr
Omsorgsplan fase 3	16. des 97	K 89/97
Vassbruksplan	27. okt 98	K 65/98
Utbyggingsplan for lokale kulturbygg	21. des 99	K 109/99
Hovedplan avløp	17 sep 02	K 60/02
Hovedplan vassforsyning	24 jun 03	K 40/03
Plan for habilitering og rehabilitering	24. jun 03	K 42/03
Beredskapsplan i kommunens helsetjeneste	19. jan 05	UKL 3/05
Handlingsplan for landbruket i Gol		K 34/03
Utviklingsplan for Gol tettstad	1. feb 05	K 1/05
Lønnspolitisk plan	5. sep 06	K 51/06
Retningslinjer for krisehåndtering	5. sep 06	K 56/06
Bustadpolitisk handlingsplan	17. okt 06	K 60/06
Plan for psykisk helsearbeid	27. mar 07	K 9/07
Mål for grunnskulen i Gol	27. mar 07	K 10/07
Kompetanseplan for tilsette i Gol Barnehage 2007-2010	24. okt 07	UKL 34/07
Friskliv i Gol kommune	20. nov 07	K 58/07
Trafikktryggleiksplan	17. okt 07	K59/07
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	12. feb 08	K 3/08
Livsfasepolitisk plan med vekt på seniorar	12. feb -08	K 1/08
Strategiplan for den kulturelle skolesekken	12. feb 08	K 6/08
Avfallsplan for Hallingdal	1. apr -08	K 34/08
Plan for norsk språkutvikling 0-16 år	4. jun 08	UKL 35/08
Verksemdsplan for Gol Vaksenopplæring	7. jun 08	K 53/08
Krise- og sorgberedskap	17. jun 08	K 55/08
Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet	9. des 08	K 97/08
Foringsplan for elg	11. nov 08	VIN 8/08